



ÅRSRAPPORT 2018

MIN RAPPORT


TUSSA



SÅ OG HAUSTE I 70 ÅR

Tussa er godt planta på Sunnmøre og er ein reiskap for å gi området sikre og gode løysingar innanfor energi, installasjon og IKT. Verksemda Tussa vart skipa i 1949, og i 2019 har selskapet ei 70-årig historie å sjå tilbake på. Samanslåing av dei kommunale e-verka på 90-talet, under ein Tussaparaply, gjer at organisjonshistoria vår likevel går uavbrote heilt attende til 1915.

Det som føregjengarane våre sådde for mange år sidan, nyt vi godt av i dag. Eldste aggregatet i eit kraftverk som er i drift i dag, er frå 1931. Dette vitnar om langsigting tenking. Ved å ta utgangspunkt i historia frå Tussa vart skipa og fram til i dag, har det vorte sådd i mange kraftverk og -linjer.

Slik samfunnsutviklinga har vore i perioden, har rein energi vorte ei etterspurt vare. Elektrisiteten gjer kvardagen lettare for oss alle, anten vi tek eit personleg utgangspunkt, eller ser det frå næringslivet si side. Dei framsynte satsingane til tidlegare generasjonar har også synt seg å vere svært gode sett frå ein økonomisk ståstad. Dei seinaste 15 åra har eigarane, i hovudsak kommunane på søre Sunnmøre, hausta direkte av tidlegare gode investeringar i form av utbyte. I tillegg til det reint økonomiske, må det også nemnast at satsingane har gitt kundane ei sikker og god kraftforsyning og lokalsamfunna verdifulle arbeidsplassar.

Er vi like flinke til å så i dag som føregjengarane våre var?

Utfordringane står i kø med at CO₂-utslepp trugar det globale miljøet, og at arbeidsprosessar i stadig større grad vil bli løyst med IT-baserte hjelpemiddel. Vi er godt posisjonerte til å kvittere ut desse utfordringane i nedslagsfeltet vårt med kraft-, installasjons- og IKT-produkta våre.

Vi har konkrete investeringsplanar og potensiale i området til å investere ytterlegare for å auke sjølvforsyningsgraden med fornybar energi, og vi kan framleis auke dekningsgraden vår når det gjeld fiber. Vi er godt rotfaste i regionen, og er opptekne av å bruke lokale ressursar for å dekkje lokale behov. Dette er fullt ut i samsvar med ei berekraftig energiframtid, og fell godt saman med slagordet «tenkje globalt og handle lokalt».

Dei seinaste åra har Tussa investert mykje, kanskje ikkje like djervt som føregjengarane våre, men det har så langt vore ein tilfredsstillande balanse mellom å hauste og så. Dei komande åra trur eg at relativt meir av avlinga må nyttast til å så.

Å vere langsiktig

Tussa investerer i viktig samfunnsinfrastruktur – både innanfor elektrisitet og breiband. Dagens moderne samfunn blir stadig meir avhengig av at både elektrisitetsforsyninga og kommunikasjonsløysingane er tilgjengelege heile tida. Dette krev investeringar som er robuste, ikkje berre mot nedbør og vind, men også mot «nye» trugslar som cyberåtak. Investeringane vil difor vere gjort med lange levetider. Dei fleste investeringane vi gjer i dag er med generasjonsperspektiv.

Eg ønskjer at vi skal så for at etterkommarane våre om 70 år, skal kunne seie det same om vår generasjon som eg har skildra om føregjengarane våre. Skal vi makte dette, må alle lekkar i organisasjonen, frå eigar til medarbeidar, ha vilje til å ta nye tak og ikkje berre hauste av tidlegare generasjonar sine tiltak. Det må også såast.

Den som har begge beina på jorda står i ro. Eg ønskjer at vi skal halde fram med å vere i god rørsle, og eg forventar at heile organisasjonen blir med: Kom i hug at ”Det gror fyre gangande Fot”.



Elling Dybdal
Konsernsjef



FJORÅRET I KORTE TREKK

Tussa fekk eit årsresultat på 56,2 mill. kr i 2018. Resultatet er på nivå med 2017, og viser god drift innanfor alle forretningsområda. Det har vore få driftsavbrot innan både energi og breiband.

Tussa hadde samla driftsinntekter på 1 048,2 mill. kr og eit driftsresultat på 132,5 mill. kr i 2018. Resultat før skatt vart 98,1 mill. kr, og etter skatt vart resultatet 56,2 mill. kr.

Både driftsinntekter og -kostnader har auka frå 2017 til 2018 for konsernet. Hovudårsakene til dette er høgre kraftprisar og at kraftkjøpet for vidaresal til sluttbrukar vart lagt om frå konsernintern handel til konsernekstern handel frå september.

For summen av forretningsområda er resultatendringane frå i fjer små.

Tussa kjøpte aksjar i Istad AS og ved utgangen av året var Tussa største aksjonær med 36 % av aksjane.

Nedgang i kraftproduksjonen

Tussa produserte 594 GWh elektrisk kraft i 2018. Til samanlikning vart det produsert 745 GWh i 2018. I 2018 var gjennomsnittleg spotpris i området vårt 42,3 øre/kWh mot 27,5 øre/kWh i 2017.

Tussa kraftverk vart stoppa frå mars til august for planlagd vedlikehald og oppgradering. Det er forventa at produksjonen i kraftverket vil auke med rundt 15 GWh (5 %) på årsbasis. Tenneelva kraftverk, med ein forventa årsproduksjon på 10 GWh, vart sett i drift heilt på slutten av året.

Forretningsområdet kraftsal hadde eit driftsresultat på 1,5 mill. kr (6,8) og eit resultat før skatt på 0,9 mill. kr (6,8).

Forbetra resultat i nettverksemda

Tussa eig 46,34 % av Mørenett AS, og Tussa sin del av Mørenett hadde eit driftsresultat på 54,6 mill. kr (41,2) i 2018, medan resultatet før skatt vart 47,5 mill. kr (57,2). Driftsresultatet vart forbetra frå 2017 til 2018 med 13,4 mill. kr. Dette trass i at selskapet hadde eit avbrot i leveringa den 28. februar som er kostnadsført med 8,4 mill. kr.

IKT i vekst

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på 17,5 mill. kr i 2018 (12,1) medan resultatet før skatt vart på 8,6 mill. kr (4,1).

Eksterne kommunikasjonsprodukt hadde ein omsetningsvekst på 7,6 % i 2018 og eksterne IT-produkt hadde ein omsetningsvekst på 9,8 %. Det er potensiale for ytterlegare vekst både innanfor kommunikasjons- og IT-tjenester, og det er forventa sterkare resultat framover.

Betre utsikter i installasjon

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på -1,7 mill. kr i 2018 (2,3), medan resultatet før skatt vart på -1,6 mill. kr (2,4). Det negative resultatet har samanheng med hard konkurransen i installasjonsmarknaden, spesielt på fastprisprosjekt mot næringsmarknaden. I tillegg har selskapet bokført tap på 0,8 mill. kr i samband med

konkursar. Utover året har det likevel vore god ordreinngang og tilgang på arbeid. Marknaden er framleis prega av hard konkurranse, men det er høg aktivitet i selskapet og utsiktene for 2019 og 2020 er difor betre.

Auka utbyte

Utbytet som blir delt ut til eigarane skal vere forsvarleg i høve til det som er berekraftig for selskapet i eit langsiktig perspektiv. Styret har vedteke å avsetje 39,5 mill. kr til utbyte for 2018 (33,4), i samsvar med aksjonæravtalen som gir signal om eit utbyte på 60 % av gjennomsnittet av dei tre siste årsresultata.



ORGANISASJON OG BAKGRUNN

Tussa Kraft AS vart stifta i 1949 og har sidan det vore kraftprodusent og -leverandør på søre Sunnmøre. Selskapet har vore med i den store utviklinga i regionen, både med omsyn til industrialisering generelt, og i kraftforsyninga spesielt, og i dag er Tussa Kraft AS morselskapet i eit leiande energi- og breibandskonsern på Nord-Vestlandet. Tussakonsernet tilbyr eit breitt produktspekter innan energi, IT, breiband og installasjon. Dyktige og framsynte eigarar og medarbeidarar har gjort og gjer dette mogleg.

Visjon

Tussa – med kraft til å skape miljøvennlege og framtidsretta løysingar.

Forretningsidé

Tussa skal eige og drive forretningsverksemder med kjernekompesanse og infrastruktur innanfor energiforsyning og digital kommunikasjon.

Organisering

Tussa er organisert som konsern med morselskapet Tussa Kraft AS som 100 % eigar av datterselskapa Tussa Energi AS, Sunnmøre Energi AS, Tussa IKT AS, Tussa Installasjon AS og Tussa-24 AS. Administrative støttefunksjonar innan økonomi, finans, personal og kommunikasjon er samla i morselskapet, som yter desse tenestene til datterselskapa.

NØKKELTAL

(Tal i mill. kr)

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Resultat og balanse							
Energisal	519,2	297,8	285,8	241,7	289,4	320,7	288,3
Nettleige	246,2	222,2	308,7	222,1	204,8	280,1	175,0
Driftsinntekter	1 048,2	811,7	890,6	762,0	787,7	834,3	664,6
EBITDA	252,9	263,0	328,3	224,2	200,3	265,2	193,1
Driftsresultat	132,5	131,6	197,5	97,2	77,6	152,7	93,1
Årsresultat	56,2	56,8	84,7	25,3	12,8	60,0	10,4
Investeringar	261,9	232,0	191,7	163,9	183,3	203,3	262,8
Totalkapital	2 944,2	2 440,8	2 338,0	2 255,1	2 280,3	2 210,7	2 180,5
Eigenkapital	869,1	850,0	831,4	771,2	765,1	801,3	504,3
Utbyte	39,5	33,4	24,5	19,6	16,7	16,7	6,2
Utbyte pr. aksje i kr	13 041,9	11 000,0	8 080,5	6 464,4	5 500,0	5 500,0	2 100,4

Lønsemelding

Totalkapitalrentabilitet	6,8 %	6,6 %	8,7 %	4,6 %	4,2 %	7,6 %	4,8 %
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	11,4 %	12,3 %	17,2 %	7,4 %	4,4 %	17,0 %	8,9 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	6,5 %	6,8 %	10,6 %	3,3 %	1,6 %	9,2 %	4,1 %
Resultatgrad	0,17	0,19	0,22	0,13	0,12	0,20	0,15
Kapitalomløp	0,41	0,35	0,39	0,34	0,36	0,39	0,32

Kapitaltilhøve

Eigenkapitalprosent	29,5 %	34,8 %	35,6 %	34,2 %	33,6 %	36,2 %	23,1 %
Rentedekningsgrad	2,2	2,9	3,2	2,2	1,6	2,9	1,8
Likviditetsgrad 1	0,9	0,9	1,1	0,9	1,0	0,7	0,6
Utbytепrosent	70%	59%	29%	78%	130%	28%	60%

Personal

Produktive årsverk	272	259	290	285	293	324	314
Omsetning pr. produktive årsverk	3,9	3,1	3,1	2,7	2,7	2,6	2,1
Driftsresultat pr. produktive årsverk	0,5	0,5	0,7	0,3	0,3	0,5	0,3

Lønsemeld

EBITDA	254,0	264,4	329,2	234,2	210,3
Totalkapitalrentabilitet	6,8 %	6,6 %	8,7 %	4,6 %	4,2 %
Eigenkapitalrentabilitet	11,4 %	12,3 %	17,2 %	7,4 %	4,4 %
Resultatgrad	0,17	0,19	0,22	0,13	0,12

Kapitaltilhøye

Eigenkapitalprosent	29,5 %	34,8 %	35,6 %	34,2 %	33,6 %
Rentedekningsgrad	2,2	2,9	3,2	2,2	1,6
Likviditetsgrad 1	0,9	0,9	1,1	0,9	1,0
Utbryteprosent	70%	59%	29%	78%	130%

EBITDA Earnings before interests, taxes, depreciations and amortizations (innntening før rente, skatt, avskrivning og nedskrivning)

Totalkapitalrentabilitet (Resultat før ekstraordinære postar + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital

Eigenkapitalrentabilitet Resultat før ekstraordinære postar / gjenomsnittleg eigenkapital

Resultatgrad (Resultat før ekstraordinære postar + finanskostnader) / (finansinntekter + driftsinntekter)

Eigenkapitalprosent	Eigenkapital / totalkapital
Rentedekningsgrad	(Resultat før skatt + finanskostnader) / finanskostnader
Likviditetsgrad 1	Omløpsmidlar / kortsiktig gjeld
Utbyteprosent	Utbyte / årsresultat



ÅRSMELDING FRÅ KONSERNSTYRET

Tussa er ei leiane energi- og IKT-verksemد på Nord-Vestlandet med hovudkontor i Ørsta kommune. Selskapa i konsernet driv forretningsverksemد med utgangspunkt i produksjon, overføring og omsetning av energi og kommunikasjon.

Visjonen er å ha kraft til å skape miljøvennlege og framtidsretta løysingar. God kvalitet, lokal forankring, samfunnsansvarlege og framtidsretta handlingar skal gjere Tussa til kundane sitt førsteval.

VIDARE DRIFT

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfestar styret at føresetnadene om framleis drift er til stades. Til grunn for dette ligg ei positiv utvikling for selskapet og konsernet, samt budsjett og planar for framtida.

HOVUDTREKK I 2018

Både driftsinntekter og -kostnader har auka frå 2017 til 2018 for konsernet. Hovudårsakene til dette er høgre kraftprisar og at kraftkjøpet for vidaresal til sluttbrukar vart lagt om frå konsernintern handel til konsernekstern handel frå september.

Driftsresultatet for konsernet er litt høgare enn i 2017. Vurdert utifrå endringane i kraftprisar frå foregåande år skulle driftsresultatet vore endå høgare, men det er utgiftsført vedlikehaldskostnader på 32,1 mill. kr i samband med den planlagde rehabiliteringa på Tussa kraftverk.

Tussa sin part av Mørenett leverer eit driftsresultat som er 13,4 mill. kr betre enn i 2017. Dette trass i at selskapet hadde eit avbrot i leveringa den 28. februar som er kostnadsført med 8,4 mill. kr.

Finansresultatet i 2018 er svakare enn i 2017. Hovudårsaka til det er finansinntekt i 2017 i samband med fisjonen av entreprenørverksemda i Mørenett.

For summen av dei andre forretningsområda er resultatendringane frå i fjar små.

Tussa kjøpte aksjar i Istad AS og ved utgangen av året var Tussa største aksjonær med 36 % av aksjane.

FRAMTIDIG UTVIKLING

Kraftproduksjon og engros-krafthandel

Rammevilkår fornybar energi

Elektrisitet som energiberar er sentral i framtida sitt energisystem, og vasskraft som energikjelde er framleis den mest konkurransedyktige i alle fall i Noreg. Tussa med sine vasskraftverk er godt posisjonert for denne framtida.

Strategi og framtidsutsikter

Det har vore så gode stimulansar til å investere i ny produksjon at det for tida er eit nasjonalt og nordisk

kraftoverskot. Det vil kome godt med i ei framtid der stadig meir skal elektrifiserast og energiproduksjon basert på fossile kjelder skal fasast ut. For å balansere dette kraftoverskotet og variasjonar i vêravhengig kraftproduksjon, er det avgjerande viktig at det er gode kraftutvekslingssamband mot andre land for å halde ei stabil kraftprisutvikling. Med fleire utvekslingssamband sett i drift etter 2020 ventar vi meir stabilitet i årsprisane enn vi har hatt dei seinaste åra. Dette vil gi større sikkerheit for investeringar i kraftproduksjon. Med ytterlegare innslag av tilfeldig vindkraftproduksjon, må det likevel forventast meir og større kortsiktige svingingar av kraftprisen.

Med overoppfylling av den svensk-norske elsertifikatmarknaden, er det venta at sertifikatprisane blir låge når vi passerer 2021. Med dei investeringsvilkåra som er no, vil Tussa realisere fleire mindre utbyggings- og rehabiliteringar dei neste åra.

Kraftprisen dei komande åra

Kraftprisen har svinga mykje dei siste åra, og det må forventast svingingar dei komande åra også, men då kanskje meir i korte periodar når det er stor produksjon av vindkraft. Prisane på den transparente marknadspllassen til Nasdaq OMX er det beste grunnlaget vi har som signal på kraftprisen for dei komande års. Primo april 2019 var prisutsiktene for 2020 til 2024 mellom 36 og 31 øre/kWh. Dette er ein prisoppgang på om lag 5 øre/kWh frå same tid i fjar.

Kraftsal

Tussa har Nord-Vestlandet som regional forankring, og hovudfokuset vårt er dei lokale kundane. Vi skal vere tydelege på at vi har miljøvennlege og framtidsretta produkt og ei sterkt lokal forankring. Kraftkundane er viktige for oss, og vi er difor svært opptekne av å ta vare på og handtere kraftsalet på ein god måte.

Kraftnett

Mørenett har lagt bak seg sitt femte driftsår, også gjennom dette året har det vore fokus på endringsprosessar for å nå dei ulike synergimåla som var ein del av vedtaksfundamentet for etableringa av selskapet. Framdrifta er hovudsakleg i samsvar med planen, og i 2018 vil truleg selskapet ha eit kostnadsgrunnlag som gjer at Mørenett vert målt som 100 % effektive av NVE. Vi får ikkje endeleg svar på effektiviteten for 2018 før NVE gir varsel om inntektsramme for 2020 i slutten av 2019.

Med ei reindyrka rolle som nettverksemid vil Mørenett vere ein sentral aktør i vidare strukturendringar av elektrisitetsnettet i Møre og Romsdal.

Installasjon

Forretningsområdet er prega av stor teknologisk utvikling, mellom anna innan ulike automasjons- og styringssystem. Tussa er i dag den største elektrotekniske installasjonsverksemda i regionen, og har sterke fagmiljø innan dei aller fleste relevante fagområda. Målet er å vere den føretrekte leverandøren både i privat- og bedriftsmarknaden.

IKT

Tussa skal dekkje kundane sine behov for framtidsretta, profesjonelle, miljøvennlege og sikre kommunikasjons- og IT-tjenester heile døgnet.

Gode kommunikasjonsløysingar blir stadig viktigare både i person- og bedriftsmarknaden. Tussa byggjer ut fiber på Søre Sunnmøre. Dette er ei langsiktig satsing der vi kjem til å investere vidare i åra som kjem. Å vere ein lokal og etablert breibandsleverandør gir oss gode føresetnader for å lukkast med den offensive fibersatsinga.

Utfordringane med å drifte datautstyr aukar som følgje av høgare krav til oppetid, spesialkompetanse og informasjonstryggleik. Dette gjer at stadig fleire bedrifter vel å setje ut heile eller delar av IT-drifta under føresetnad av at bedriftene har tilgang på gode kommunikasjonsløysingar. Tussa ønskjer å dekkje dette behovet ved å vere ein framtidsretta og ansvarleg leverandør av IT-driftstenester. For å ta denne posisjonen, har vi eit nytt, energieffektivt og moderne datasenter som gir rom for vidare vekst.

UTGREIING AV ÅRSREKNESKAPEN

Konsernet

Rekneskapen for Tussakonsernet i 2018 viser samla driftsinntekter på 1 048,2 mill. kr (811,7) og eit driftsresultat på 132,5 mill. kr (131,6). Resultat før skatt er 98,1 mill. kr (103,5) og etter skatt er resultatet 56,2 mill. kr (56,8). Tilsvarande tal for 2017 står i parentes.

Innanfor drifta har vi auke i omsetninga med 236,6 mill. kr (29,1 %). Hovudårsak til auke i omsetninga er høgare kraftpris og at Tussa-24 i september 2018 vart eigen aktør på kraftbørsen Nordpool. Det vil seie at Tussa-24 no kjøper all kraft til kundane der, medan Tussa Energi sel all sin kraftproduksjon til Nordpool. Tidlegare vart kraftproduksjonen i Tussa Energi sett i samanheng med Tussa-24 sitt behov for kjøp av kraft til kundane, og differansen vart selt/kjøpt eksternt til/frå Nordpool. Det interne kraftsalet/kraftkjøpet mellom Tussa Energi og Tussa-24 har tidlegare vorte eliminert på konsernbasis. Slik er det ikkje lenger, og høgare ekstern omsetning vert resultatet.

I same periode viser samla driftskostnader ein auke på 235,6 mill. kr (34,6 %). Auken er i hovudsak knytt til dei same forholda som nemnt over. I tillegg hadde ein i 2018 vedlikehaldskostnader på 32,1 mill. kr i samband med rehabiliteringa av Tussa kraftverk.

Eigenkapitalen til konsernet utgjorde 29,5 % (34,8 %) av totalkapitalen ved årsskiftet. Konsernet sin eigenkapitalrentabilitet vart 11,4 % før skatt (12,3 %). Avkastninga på totalkapitalen vart 6,8 % (6,6 %).

Finans

Netto finanspostar i konsernet vart -34,4 mill. kr (-28,0). Hovudårsak til endringa er at det i 2017 vart bokført gevinst ved fusjon av entreprenørverksemd til BKK Enotek med 24,2 mill. kr.

Skatt

Årsrekneskapen for 2018 viser ein skattekostnad på 41,9 mill. kr (46,7). Dette utgjer 42,7 % av resultatet før skatt. Grunnrenteskatten utgjer 20,3 mill. kr (23,4) av den totale skattekostnaden for konsernet. Verdien av framtidig utsett skattefordel er 2,7 mill. kr (10,2). Konsernet har minimalisert betalbar skatt ved å nytte seg av gjeldande ordningar med konsernbidrag og motrekning av underskot. Skatten som skal betalast for konsernet i inntektsåret 2018 utgjer 35,0 mill. kr (46,9).

Gjeld

Renteberande gjeld var ved utgangen av året på 1 696,4 mill. kr (1 295,5), av dette er 720 mill. kr rentesikra. Kortsiktig gjeld ved utgangen av året var 336,1 mill. kr (247,0), ein auke på 36,1 % frå 2017. Rekneskapen viser at sum gjeld i konsernet utgjer 2 075,1 mill. kr (1 590,8), ein auke på 30,4 % frå 2017.

Investering

Samla investering i varige driftsmidlar var 261,8 mill. kr i 2018 (229,9). Dei største investeringane er gjort innanfor nettanlegg, fiber og kraftproduksjon.

I september kjøpte Tussa 49 % av aksjene i Istad AS frå Statkraft. I desember vart 13 %-poeng av desse aksjene selt vidare til KLP. Ved utgangen av året hadde Tussa altså 36 % av aksjene. Posten er bokført med 283 mill. kr i balansen i Tussa Kraft AS.

Kontantstraum

Tussakonsernet har gjennom året hatt ein kontantstraum frå driftsaktivitetar på 166,6 mill. kr (197,7). Ved utgangen av året har konsernet nytta 42,8 mill. kr av kassakreditten på 100 mill. kr, og likviditetsgrad 1 er utrekna til 0,9.

Morselskapet

Morselskapet har litt lågare inntekter i 2018 målt mot 2017. Kostnadsnivået er også lågare, slik at driftsresultatet er noko betre. Med netto finans marginalt lågare enn 2017 vart årsresultatet for 2018 1,3 mill. kr svakare enn for 2017. Den finansielle stillinga til morselskapet syner ein viss auke i totalkapital og gjeld som inneber at eigenkapitalprosenten går litt ned frå 40 % pr. 31.12.2017 til 37,4 % pr. 31.12.2018"

Segmentinformasjon

	Omsetning		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2018	2017	2018	2017	2018	2017
Energiproduksjon og engros-krafthandel	419 347	283 656	69 964	77 834	53 291	53 569
Kraftsal	299 892	212 671	1 491	6 783	942	6 812
Kraftnett	274 955	265 527	54 627	41 183	47 508	57 246
Installasjon	103 153	116 068	-1 698	2 289	-1 605	2 371
IKT	181 517	168 619	17 487	12 094	8 588	4 070

Rekneskapen gir ei rettvisande oversikt over utvikling og resultat av selskapet og konsernet si verksemd og stilling.

Energiproduksjon og engros-krafthandel

I 2018 vart driftsresultat for produksjons- og engrosverksemada 70,0 mill. kr (77,8), og resultat før skatt vart 53,3 mill. kr (53,6).

Tussa Energi AS har dei siste åra hatt høg oppetid og lite driftsavbrot som følgje av feil i eigne anlegg. I all hovudsak gjeld dette også for 2018. Frå mars til august var Tussa kraftverk stoppa for planlagd vedlikehald og oppgradering. Av ein samla prosjektkostnad på 62 mill. kr er 32,1 mill. kr utgiftsført. Det er forventa at produksjonen i kraftverket vil auke med rundt 15 GWh (5 %) på årsbasis. Tenneelva kraftverk med ein forventa årsproduksjon på 10 GWh vart sett i drift heilt på slutten av året.

Tussa Energi AS og Sunnmøre Energi AS produserte 594 GWh elektrisk kraft i 2018. Til samanlikning vart det produsert 745 GWh i 2018. I 2018 var gjennomsnittleg spotpris i området vårt 42,3 øre/kWh mot 27,5 øre/kWh i 2017.

Året starta med magasinfylling på om lag 80 % av normalfylling. Årsaka til dette var større tapping enn normalt i Tussamagasinet før julsvinteren 2017 for å kunne starte vedlikehaldsarbeidet i Tussa kraftverk i mars. Den store haustnedbøren gjorde at vi enda på 107 % av normalfylling ved årsslutt.

Samla oppnådd pris for den produserte krafta, utan elsertifikat og andre grøne tillegg, vart 37,1 øre/kWh i 2018 mot 27,1 øre/kWh i 2017.

Kraftsal

I 2018 hadde forretningsområdet eit driftsresultat på 1,5 mill. kr (6,8) og eit resultat før skatt på 0,9 mill. kr (6,8).

Både i bedrifts- og personmarknaden har det vore hard konkurranse om kundane og låge marginar. Vi ser at kundane i vårt eige område er meir lojale enn kundar vi har frå andre delar av landet. Vi har ei solid kundemasse i området vårt, noko som er eit godt grunnlag for vidare utvikling.

Kraftnett

Tussa sin part av Mørenett hadde eit driftsresultat på 54,6 mill. kr (41,2) i 2018 medan resultatet før skatt vart 47,5 mill. kr (57,2). Driftsresultatet vart forbetra frå 2017 til 2018 med 13,4 mill. kr. Dette trass i at selskapet hadde eit avbrot i leveringa den 28. februar som er kostnadsført med 8,4 mill. kr.

Finansresultatet i 2017 var positivt og betre enn i 2018. Den største einskildårsaka til dette var vinst som følgje av fisjonen av entreprenørverksemada i Mørenett i 2017.

IKT

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på 17,5 mill. kr i 2018 (12,1) medan resultatet før skatt vart på 8,6 mill. kr (4,1).

Eksterne kommunikasjonsprodukt hadde ein omsetningsvekst på 7,6 % i 2018 og eksterne IT-produkt

hadde ein omsetningsvekst på 9,8 %. Det er potensiale for ytterlegare vekst både innanfor kommunikasjons- og IT-tjenester, og det er forventa sterke resultater framover.

Installasjon

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på -1,7 mill. kr i 2018 (2,3), medan resultatet før skatt vart på -1,6 mill. kr (2,4). Det negative resultatet har samanheng med hard konkurranse i installasjonsmarknaden, spesielt på fastprisprosjekt mot næringsmarknaden. I tillegg har selskapet bokført tap på 0,8 mill. kr i samband med konkursar. Ut over året har det likevel vore god ordreinngang og tilgang på arbeid. Marknaden er framleis prega av hard konkurranse, men det er høg aktivitet i selskapet og utsiktene for 2019 og 2020 er difor gode.

FINANSIELL RISIKO

Marknadsrisiko

Hovudverksemda i konsernet som det er knytt spesiell marknadsrisiko til er kraftproduksjon og krafthandel. Marknaden har eit stort innslag av vasskraft og tilgang på vatn kan variere mykje frå år til år. Dette gir seg utslag på både kraftprisar og produksjonsmengd, og kan få store utslag på resultatet. Konsernet har ein risikostrategi i høve til marknadssituasjonen med målsetjing om å oppnå høgast mogleg inntening frå produksjonen sett i høve til selskapet sine risikorammer. Ved revisjon av sikringsstrategien i 2017 vart sikringsperioden redusert frå 3 år til 1 år. Overgangen frå 3 til 1 års sikringshorisont vert gjort ved at allereie inngåtte sikringar går ut sine løpetider.

Tussa nyttar mellom anna terminkontraktar og andre finansielle instrument for å prissikre delar av inntektene. I denne samanhengen er det ikkje forskjell mellom fysiske og finansielle kraftkontraktar som blir handla bilateralt, og finansielle kontraktar i terminmarknaden. Prisen vil hovudsakleg vere den styrande faktoren når ein vel handelsform. All finansiell krafthandel vert gjort på kontraktar som vert klarert, slik at ein kjøper seg fri for motpartsrisiko.

Valutarisiko

Tussa er eksponert for valutarisiko fordi oppgjersvalutaen på reelle og finansielle kraftkontraktar handla mot NordPool Spot og Nasdaq OMX er i Euro. Valutastrategien vart endra i 2017, og konsernet gjekk frå å valutasikre dei finansielle kraftkontraktane individuelt med valutaterminkontraktar til å ha ei samla valutasikringsramme på 30 mill. Euro. Av denne er det realisert ein valuta-renteswap-avtale på 10 mill. Euro og eit valatalån på 20 mill. Euro. Verdien av valuta-renteswap-avtalen var -6,0 mill. NOK pr. 31.12.2018. Dette instrumentet vert ikkje sikringsbokført, men justert løpende til verkeleg verdi. Overgangen frå gammal til ny strategi vert gjort ved at inngåtte valutaterminkontraktar går ut sine løpetider.

Resultatet frå valutasikringsbokføringa i 2018 vart eit tap på 1,1 mill. kr. Realiserte tap eller gevinstar blir resultatført i leveringsperioden. Resultatet som følgje av verdiendringane på valutaterminar, og som ikkje er resultatført i 2018, er -1,1 mill. kr pr. 31.12.2018.

Renterisiko

Ettersom Tussa er eksponert for renteendringar gjennom dei låneavtalane som er inngått, har vi vedteke ein rentesikringsstrategi der målsetjinga er å redusere konsernet sin rentesensitivitet. Konsernet har ein strategi som går på å sikre mellom 20 % og 50 % av gjelda med fast rente, og at gjennomsnittleg rentebindingstid skal ligge mellom 3-5 år. Rentesikringsgrad og gjennomsnittleg rentebindingstid vert rekna av den samla konsoliderte gjelda, der Mørenett si gjeld er konsolidert inn i konsernet sin balanse med 46,34 %. Mørenett sikrar ikkje renta då inntektsramma i stor grad er fastsett av ei flytande rente. Tussa nyttar rentebety-avtalar for å minimere renteeksponeringa.

Kreditrisiko

Risiko for at motparten ikkje har økonomisk evne til å oppfylle pliktene sine er å sjå på som låg, og det har historisk vore lite tap på fordringar.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko oppstår dersom det ikkje er samsvar mellom kontantstraumane frå verksemda og

finansielle forpliktingar. Kontantstraumen frå krafthandel vil variere mellom anna i forhold til prisnivået i marknaden. Konsernet har ei kassakredittramme på 100 mill. kr, og sikrar gjennom denne nødvendig likviditet. Pr. 31.12.2018 var 42,8 mill. kr av kassakreditten nytta.

ORGANISASJON

Aksjonærar

Eigaroversynet pr. 31.12.2018 går fram av note 17. Det er viktig for selskapet å ha interesserte og engasjerte aksjonærar. Dette skal Tussa oppnå mellom anna ved å skape verdiar for aksjonærane i form av utbyte og verdistigning av aksjane. Grunnlaget for verdistigninga av aksjane kjem frå investeringar av den delen av årsresultatet som ikkje blir betalt ut i utbyte. Desse investeringane skal gjerast med eit samfunnsansvarleg og langsiktig perspektiv.

Eigarstyring og selskapsleiing

Prinsippa for eigarstyring og selskapsleiing regulerer rolledeelinga mellom eigar, styret og leiinga utover det som er gitt av føringar i aksjelova. Den norske tilrådinga om eigarstyring og selskapsleiing (corporate governance) av 17. oktober 2018 er lagt til grunn så langt som det er relevant for Tussakonsernet. I årsrapporten for konsernet blir ein samla status for eigarstyring og selskapsleiing presentert. Innanfor nokre område er det avvik, og hovudårsaka til avvika er at Tussa Kraft AS ikkje har børsnoterte aksjar og at selskapet har ein avgrensa aksjonærkrins. I årsrapporten er også gitt eit kortfatta oversyn over styret sin kompetanse og deltaking i styremøte.

Styret

Tussa Kraft AS er leia av eit styre på 11 medlemer, der dei tilsette har fire medlemer. På generalforsamlinga i april 2018 vart Matias Hogne Gjerde erstatta av Øystein Blom. Tilsettrepresentant Vivian Roppen slutta i Tussa i november og vart erstatta av Torgeir Bratteberg.

STYRET 2018

Leiar: Gunnar Gjørtz

Nestleiar: Hilde Marie Brungot

Kjell Arne Aurstad

Daniel Fjørtoft
(tilsettrepresentant)

Øystein Blom

Knut Arne Grimstad
(tilsettrepresentant)

Inger Sandvik Sundnes

Torgeir Bratteberg
(tilsettrepresentant)

Sindre Rotevatn

Håvard Marøy
(tilsettrepresentant)

Ann Magritt Bjåstad Vikebakk

Personale

Tussakonsernet hadde 185 fast tilsette pr. 31.12.2018. Inkludert vikarar, engasjementstillingar og lærlingar hadde konsernet 213 tilsette. Gjennomsnittsalderen i Tussa er 44,3 år.

HMS

Tussa er ei inkluderande arbeidsliv (IA)-bedrift. Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Fokus både på fysisk og psykososialt arbeidsmiljø er viktig.

Sjukefråværet for konsernet var på 4,4 %, mot 4,5 % året før. Det er variasjonar mellom selskapa når det gjeld sjukefråvårsprosent. Tett dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar har vore viktig for å halde fråværet lågt. Tussa har eit sjukefråværssystem som gir god støtte til leiarane på oppfølging av sjukefråvær. Samtale, tilrettelegging og utstrekkt bruk av gradert sjukmelding er hjelpemiddel i sjukefråvårsarbeidet.

I 2018 vart det rapportert inn 7 saker i Tussa sitt avvikssystem. I samsvar med Energi Norge sin bransjestandard vert 2 av desse sakene kategoriserte som «ulykker/skadar» då desse kravde medisinsk behandling. Vidare er 3 saker kategoriserte som «uønskte hendingar» og 2 saker som «nesten-ulykker/forbetringstiltak». I 2018 har det vore 79 dagar fråvær knytt til skadar eller uønskte hendingar.

Utifrå ei samla vurdering må Tussa kunne reknast som ein god og trygg arbeidsplass. HMS vert teke på alvor og Tussa har eit velfungerande bedrifts- og arbeidsmiljøutval (BAMU), samt godt samarbeid med instansar som NAV arbeidslivssenter, arbeidstilsyn og bedriftshelseteneste.

Nøkkeltal for HMS-tilstanden

	2018	2017	2016	2015	2014	2013
H1-verdi*	5,9	8,6	9,3	0,0	2,7	12,2
Registrerte arbeidsulykker	3,0	2,0	3,0	3,0	9,0	22,0
Fråvær som følgje av arbeidsulykker (dagar)	79,0	35,0	26,0	162,0	57,0	89,0
Sjukefråvær (%)	4,4	4,5	3,7	5,5	3,5	4,0
Gjennomsnittsalder personale (år)	44,3	44,5	43,7	43,5	42,3	44,6
Personalomsetning (%)	0,0	1,1	0,0	0,0	5,0	3,4

Likehandsaming

Tussa har som utgangspunkt at personalpolitikken skal stimulere til likehandsaming både når det gjeld kjønn, funksjonsevne og etnisitet. Verksemda har nedfelt retningslinjer som er like for alle tilsette. I tillegg gjer fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår at både kvinner og menn kan kombinere jobb og familie på ein god måte.

Både energi-, elektro- og IKT-bransjen er sterkt dominert av menn både på fagarbeidar- og ingeniør-nivå, og det er få kvinnelege søkerar til slike jobbar. Vi har likevel kvinner på dei fleste nivå i organisasjonen. I Tussa er 43 % av konsernleiinga kvinner. Samla sett er 22 % av dei tilsette kvinner.

Tal for likestilling i Tussa

	Samla tal	Tal menn	Tal kvinner	Kvinnedel i %
Styreverv i Tussakonsernet	27	17	10	37
Konsernleiinga	7	4	3	43
Leiargruppene i dei ulike selskapa	21	15	6	29
Avdelingsleiarar	28	20	8	29
Tal lærlingar	15	15		
Tal fast tilsette	185	144	41	22

YTRE MILJØ

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennlig sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Relevante ulemper og miljøpåverknader blir alltid vurderte opp mot nytteverdien av planlagde prosjekt og alternativ utbygging av ikkje fornybar energi. Tussa legg vekt på å dempe negative miljøverknader ved å gjennomføre grundige konsekvensutgreiingar og naudsynte miljøtiltak. Anlegga vert utforma slik dei skal gli godt inn i terrenget. Konsernet set fokus på bruk av miljøvennlege produkt, og vi har gode system for avfallshandtering og kjeldesorterer alle typar avfall.

Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av Tussa må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Årsrekneskapen syner eit overskot for konsernet på 56,2 mill. kr, og 42 mill. kr for morselskapet.

Utbytet som blir delt ut til eigarane skal vere forsvarleg i høve til det som er berekraftig for selskapet i eit langsigtig perspektiv.

Aksjonæravtalen av 2013 gir føringar om at det skal betalast ut eit ordinært utbyte på 60 % av konsernresultatet etter skatt. For å sikre stabilitet i utbytet, skal utrekninga av utbytet baserast på gjennomsnittet av dei tre siste åra sine resultat.

Styret føreslår følgjande disponering av morselskapet sitt årsresultat:

Avsett til fond for vurderingsskilnad 2,9 mill. kr.


Utbyte 39,5 mill. kr.


Overført frå annan eigenkapital -0,5 mill. kr.


Totalt disponert årsresultat 42,0 mill. kr.


Etter styret sin vurdering er disponeringa av årsresultatet og forslag til utbyte forsvarleg ut frå selskapet sin aktivitet, planar og risiko for verksemda.

Ørsta, 09.04.2019
i styret for Tussa Kraft AS


Gunnar Gjørtz
styreleiar


Hilde Marie Brungot
nestleiar


Kjell Arne Aurstad
styremedlem


Øystein Blom
styremedlem


Torgeir Bratteberg
styremedlem


Daniel Fjørtoft
styremedlem



Knut Arne Grimstad
styremedlem


Håvard Marøy
styremedlem


Sindre Røtevatn
styremedlem


Inger S. Sundnes
styremedlem


Ann Magritt B. Vikebakk
styremedlem


Elling Dybdal
adm. direktør

RESULTATREKNESKAP

(Tal i mill. kr)

KONSERN				TUSSA KRAFT AS	
2017	2018	Resultatrekneskap	Note	2018	2017
Driftsinntekter					
297,8	519,2	Energisal	2,3,18		
222,2	246,2	Nettinntekt	1,2,19		
291,7	282,8	Andre inntekter	1,2	26,7	30,0
811,7	1048,2	Sum driftsinntekter		26,7	30,0
Driftskostnader					
89,3	74,9	Varekjøp			
150,0	358,7	Energikjøp og overføringskostnad	2		
197,3	191,6	Løns- og personalkostnad	4,5	21,1	22,2
131,4	120,3	Ordinære avskrivinger	2,8,9	0,5	1,2
108,9	169,0	Andre driftskostnader	6,20	13,1	15,7
1,4	1,1	Nedskriving anleggsmidlar	1, 8		0,2
1,8		Tap på fordringar	1, 23		0,0
680,1	915,7	Sum driftskostnader		34,6	39,3
131,6	132,5	Driftsresultat		-8,0	-9,4
Finansinntekter/finanskostnader					
-0,2		Renteinntekt konsernselskap (netto)	22	34,4	30,7
		Andre renteinntekter/konsernbidrag	22	50,0	26,4
27,0	49,7	Anna finansinntekt	22	23,4	40,7
		Gev. verdiendring markn.b. oml.middel	22		
		Tap verdiendring markn.b. oml.middel	22	22,2	0,0
54,8	84,1	Rentekostnader	22	33,9	43,3
		Nedskriving finansielle anleggsmidlar	22		
-28,0	-34,4	Sum finanspostar		51,8	54,4
103,5	98,1	Resultat før skattekostnad		43,8	45,1
46,7	41,9	Skattekostnad	1,7	1,8	2,0
56,8	56,2	Årsoverskot/-underskot		42,0	43,1
Overføringer					
Konsernbidrag					
23,5	16,7	Til/fra fond	16	9,7	9,7
33,4	39,5	Til utbyte	21	33,4	33,4
56,8	56,2	Sum overføringer		43,1	43,1

BALANSE

(Tal i mill. kr)

KONSERN			TUSSA KRAFT AS		
2017	2018		Note	2018	2017
EIGNELUTAR					
ANLEGGSMIDLAR					
Immaterielle egedelar					
16,3	21,0	Vassdragsrettar, varemerke, m.m.	1,9	1,2	0,8
10,1	2,7	Utsett skattefordel	1,7		0,0
4,0	0,7	Goodwill	1,9		0,0
30,4	24,4	Sum immaterielle egedelar		1,2	0,8
Varige driftsmidlar					
152,1	120,9	Transport/maskinar/inventar	1,8	0,0	0,0
694,3	728,1	Kraftproduksjonsanlegg	1,8	0,0	0,0
1 000,7	1 152,3	Nettanlegg	1,8	0,0	0,0
146,0	208,1	Bygninger og bustader	1,8	1,2	1,2
114,0	36,5	Anlegg under arbeid	1,8	0,0	0,0
2 107,1	2 246,0	Sum varige driftsmidlar		1,2	1,2
Finansielle anleggsmidlar					
Aksjar i datterselskap					
			1,10	733,0	719,5
Lån til datterselskap					
			13,14	417,0	600,0
68,2	365,3	Andre aksjar og liknande	11	485,7	199,9
7,4	7,5	Pensjonsmidlar	5		2,7
75,7	372,9	Sum langsiktige plasseringar		1 635,6	1 522,1
2 213,2	2 643,3	SUM ANLEGGSMIDLAR		1 638,0	1 524,2
OMLØPSMIDLAR					
Lager driftsmateriell og varer					
10,3	10,3		1,24	0,0	0,0
Fordringar					
143,2	162,0	Kundefordringar	14	-0,2	2,9
36,5	51,0	Andre fordringar	12,14	164,6	145,4
179,7	212,9	Sum fordringar		164,4	148,4
Investeringar					
Marknadsbaserte obligasjoner					
0,0	0,0		1	0,0	0,0
Sum marknadsbasert investering					
				0,0	0,0
Betalingsmidlar					
Kontantar, bankinnskot					
37,5	77,7		15	1,2	8,5
37,5	77,7	Sum betalingsmidlar		1,2	8,5
227,5	300,9	SUM OMLØPSMIDLAR		165,6	156,9
2 440,8	2 944,2	SUM EIGNELUTAR		1 803,6	1 681,1

EIGENKAPITAL OG GJELD

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

30,3	30,3	Aksjekapital	16	30,3
		Eigne aksjar	16	
362,0	362,0	Annan innskoten eigenkapital	16	362,0
392,3	392,3	Sum innskoten eigenkapital	0,0	392,3

Opptent eigenkapital				
457,7	476,8	Sum anna eigenkapital	16	282,3
850,0	869,1	SUM EIGENKAPITAL	0,0	674,6

GJELD				
		Avsetning for forplikting		
41,6	38,4	Pensjonsforpliktingar/andre avsetjingar for plikter	5	20,8
-0,1	0,0	Utsett skatt	7	0,7
41,5	38,4	Sum avsetning for forplikting	0,0	21,4

Langsiktig gjeld				
1 295,5	1 696,4	Langsiktige lån	12	895,0
		Ansvarleg lån i datterselskap	13,14	100,1
6,7	4,2	Anna langsiktig gjeld	12	0,0
1 302,2	1 700,6	Sum langsiktig gjeld	0,0	995,1

Kortsiktig gjeld				
		Korts.konv.lån/gjeld kredittinst.		42,8
47,6	76,0	Leverandørgjeld	14	0,9
46,9	35,0	Betalbar skatt	7	0,1
56,2	64,3	Skattetrekk, andre trekk, off.avg.	15	1,8
33,4	39,5	Avsett utbytte	16,21	39,5
62,9	121,2	Anna korts. gjeld	14	27,2
247,0	336,1	Sum kortsiktig gjeld	0,0	112,4
1 590,7	2 075,1	SUM GJELD	0,0	1 129,0
2 440,8	2 944,2	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	0,0	1 803,6

Ørsta, 09.04.2019
i styret for Tussa Kraft AS

Gunnar Gjørtz
styreleiar

Hilde Marie Brungot
nestleiar

Kjell Arne Aurstad
styremedlem

Øystein Blom
styremedlem

Torgeir Bratteberg
styremedlem

Daniel Fjørtoft
styremedlem

Knut Arne Grimstad
styremedlem

Håvard Marøy
styremedlem

Sindre Røtevatn
styremedlem

Inger S. Sundnes
styremedlem

Ann Magritt B. Vikebakk
styremedlem

Elling Dybdal
adm. direktør

NOTE 1. REKNESKAPS PRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Rekneskapsprinsipp for aksjar i datterselskap og tilknytte selskap

Datterselskap er selskap der morselskapet har kontroll og dermed avgjerande innverknad på selskapet sin finansielle og operasjonelle strategi, normalt ved å eige meir enn 50 % av kapitalen som gir stemmerett. Tilknytte selskap er selskap der Tussa har betydeleg innverknad og eig mellom 20 % og 50 % av kapital som gir stemmerett. Aksjar i datterselskap og felleskontrollert verksemeld er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Aksjar i tilknytte selskap er vurdert etter eigenkapitalmetoden i selskaps- og konsernrekneskapen.

Konsolideringsprinsipp

I konsernrekneskapen er posten aksjar i datterselskap erstattat med datterselskapet sine egedelar og gjeld.

Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert.

Kjøpte datterselskap er rekneskapsført i konsernrekneskapen med basis i morselskapet sin kostpris. Kostpris er tilordna identifiserbare egedelar og gjeld i datterselskapet, som er ført opp i konsernrekneskapen til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet. Eventuelle meirverdar ut over det som kan verte vist til for identifiserbare egedelar og gjeld er balanseført som goodwill. Goodwill er handsama som ein rest og er balanseført med den delen som er observert i oppkjøpstransaksjonen. Meir- (mindre-) verdiar i konsernrekneskapen er avskrive (inntektsført) over dei oppkjøpte egedelane si forventa levetid.

Felleskontrollert verksemeld er verksemeld der fleire deltagarar styrer i fellesskap og ingen har bestemmande innverknad på vedtak. Deltaking i felleskontrollert verksemeld vert rekneskapsført etter bruttometoden i konsernrekneskapen, dvs. at del av inntekter, kostnader, egedelar og gjeld er inkludert i konsernrekneskapen i samsvar med eigardel.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapa og felleskontrollert verksemeld følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet (transaksjonstidspunktet). Inntektsføring av tenester skjer etter kvart som tenesta vert levert.

Kraftproduksjon har fått godkjent elsertifikat basert på produksjon i 11 kraftverk. Inntekta frå elsertifikata er bokført på opptenningstidspunktet, dvs. produksjonsperioden. Opptent, ikkje fakturerte elsertifikat er verdsett til marknadspris.

Ved fysisk og finansiell handel med kraft som er gjort opp med marginoppgjer, er gevinst eller tap på handelen bokført med nettobeløpet.

Innanfor installasjonsverksemda er anleggskontraktar rekneskapsført etter løpende avrekning med påslag av forteneste, slik at inntekt er resultatført i takt med fullføring av prosjektet. Kontraktskostnadene er samanstilt med opptent inntekt. Fullføringsgraden på eit tidspunkt er målt som del påløpne kontraktskostnader av totale estimerte kontraktskostnader.

Nettverksemda er regulert av styresmaktene, ved at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Konsernet inntektsfører inntektsramma inkludert ev. renter av mindreinntekt frå tidlegare år.

Klassifisering og generelle reglar for vurdering av balansepstar

Egedelar bestemt til varig eige og bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Egedelar som er knytt til varekretsløpet, er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar er klassifisert som omløpsmiddel viss dei skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter tidspunktet for utbetaling. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige anleggsmidlar som har avgrensa levetid, vert avskrive lineært over forventa økonomisk levetid. Viss verkeleg verdi av anleggsmiddelet er lågare enn balanseført verdi, vert det gjort nedskriving til verkeleg verdi basert på prinsippa i rekneskapsstandarden om nedskriving.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseført og avskrivne over driftsmiddelet si venta økonomiske levetid. Vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført under driftskostnader, medan påkostninger eller forbetringar er tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet. Anleggsbidrag er ført brutto i anleggsregisteret, og inntektsført i takt med avskrivinga på anleggsmiddelet som det er kravd anleggsbidrag for.

Andre anleggsaksjar

Andre anleggsaksjar er vurdert til lågaste av historisk kostpris og verkeleg verdi.

Vassmagasin

I samsvar med etablert praksis i bransjen, er magasinlagera ikkje tekne med i balansen.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Avsetning til tap er gjort på grunnlag av både generelle og individuelle vurderinger av fordringsmassen. For sluttbrukarkundefordringane er det avsett eit estimat basert på erfaringstal for tap.

Meir-/mindreinntekt innanfor nettverksemda

Kvart år vert avviket mellom faktiske tariffinntekter og godkjent inntekt (inntektsramme), utrekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført anten som gjeld til eller fordring på nettkundane. Av akkumulert meir-/mindreinntekt vert det rekna rente, basert på rentesats fastsett av NVE.

Marknadsbaserte investeringar

Marknadsbaserte investeringar er vurderte til verkeleg verdi på balansedagen.

Usikre forpliktingar

Usikre forpliktingar er rekneskapsført dersom det er meir sannsynleg at dei kjem til oppgjer, enn at dei ikkje kjem til oppgjer. Beste estimat er nyttå ved utrekning av oppgjersverdi.

Pensionar

Ytingsbaserte pensjonsordningar blir vurdert til noverdien av framtidige pensjonsytingar som rekneskapsmessig er opptent på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurdert til verkeleg verdi.

Endring i ytingsbaserte pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, blir fordelt over berekna gjennomsnittleg attståande oppteningstid. Ordningane blir bokført i samsvar med NRS 6. Perioden sin netto pensjonskostnad blir klassifisert som løns- og personalkostnader.

Innskotsbasert pensjonsordning blir handert i samsvar med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Konsernkontoordning

Tussa Kraft AS inngår i konsernkontoordning saman med dotterselskapa. Innskotskonto og lånekonto er summert opp mot ein toppkonto som til ei kvar tid syner mellomverande mot banken. Til toppkontoen knyter det seg ein kassakreditt på 100 mill. kr. Rentekostnader til banken av negativ saldo på toppkontoen er klassifiserte som eksterne rentekostnader i mor og konsern. Renteinntekter eller rentekostnader i tilknyting til underkonti i konsernkontoordninga er klassifiserte som interne renteinntekter og interne rentekostnader i resultatrekneskapen til dei einskilde selskapa, og eliminerte i konsernet. Konsernkontoordninga er presentert netto i rekneskapen.

Skattar

Skatt på allmenn inntekt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt utgjer 22 % /23 % av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna. Netto utsett skattefordel vert balanseført i

den grad det er sannsynleg at denne kan bli nyttegjort. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, er ført netto i balansen.

Naturressursskatt

For kraftverk med påstempla merkeyting på generator på 10 000 kVA eller meir skal det svarast naturressursskatt. Naturressursskatten vert utrekna for det enkelte kraftverk, og utgjer 1,3 øre/kWh basert på gjennomsnittleg produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten vert avrekna mot ordinær inntektsskatt til staten.

Grunnrenteskatt

Kraftproduksjonen er også pålagt ein særskilt grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten vert utrekna for kraftverk med merkeyting på generator på 10 000 kVA eller meir, og utgjer no 35,7 % av normert resultat utover utrekna friinntekt. Negativ grunnrenteinntekt kan framførast og motrekna mot seinare positiv grunnrenteinntekt i same kraftverk. Negativ grunnrenteinntekt opptent i 2007 og seinare i eit kraftverk kan motrekna mot positiv grunnrenteinntekt opptent i eit anna kraftverk i same selskap eller konsern.

Betalbar grunnrenteskatt for kraftverk med netto positiv grunnrenteinntekt vert bokført som skattekostnad. Det gjer også endring i utsett skatt på grunnrente. Viser elles til skattenoten der det er utarbeidd ein spesifikasjon av grunnrenteskatten i året.

Finansforvalting

Finansforvaltningen har som overordna mål å sikre stabile og låge netto finansieringskostnader for selskapet sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

For låneporteføljen som er innanfor Tussa Kraft sin kontroll vert det lagt opp til at porteføljen skal bestå av færrast mogleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære lånefall er teken i vare. Det skal ikkje vere meir enn eit lån med lånefall innanfor ei rullerande 12 månaders periode. Gjennomsnittleg løpetid på lån skal vere mellom 3 og 5 år.

Renteinstrument

I samsvar med vedteken finansstrategi er det inngått rentebyteavtalar for å redusere konsernet sin rentesensitivitet i høve til låneporteføljen. For nærmere opplysningar om Tussa sin rentesikringsstrategi, sjå note 18 om Risikostyring.

Finansielle instrument

I reknescapen er finansielle derivater handsama i samsvar med intensjonen i avtalane.

Finansielle kraftkontraktar

Konsernet nyttar finansielle bilaterale kontraktar, terminkontraktar (forward og futures) og opsjonar.

Tussa inngår finansielle kontraktar hovudsakleg for å prissikre delar av kraftproduksjonen i Tussa Energi AS og prissikre delar av Tussa-24 AS sitt kraftkjøp som skal seljast vidare til sluttbrukarar. Dei finansielle kontraktane er hovudsakleg handla i terminmarknaden på Nasdaq OMX-børsen. Tap og gevinst på dei finansielle kontraktane er utrekna som differansen mellom kontraktspris og spotpris. Realiserte tap/gevinstar er resultatført i leveringsperioden.

Tussa Energi AS har i tillegg ein eigen portefølje med finansielle kontraktar som er inngått med utgangspunkt i å tene på prissvingingar, altså trading. Både realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføljen vert resultatført.

Det er utarbeidd risikodokument som set rammer for den finansielle handelen og grense for risikoeksponeringa.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen på balansedagen.

Tussakonsernet er eksponert for valutarisiko fordi oppgjersvalutaen på reelle og finansielle kraftkontraktar handla mot NordPool Spot og Nasdaq OMX er i Euro. Valutastrategien vart endra i 2017, og konsernet gjekk frå å valutasikre dei finansielle kraftkontraktene individuelt med valutaterminkontrakter til å ha ei samla valutasikringsramme på 30 mill. Euro.

Av denne er det realisert ein valuta-renteswap avtale på 10 mill. Euro og eit valutalån på 20 mill. Euro.

Verdien av valuta-renteswap avtalen var -6,0 mill. NOK pr. 31.12.2018. Dette instrumentet vert ikkje sikringsbokført, men justert løpende til verkeleg verdi. Overgangen frå gammal til ny strategi vert gjort ved at inngåtte valutaterminkontraktargår ut sine løpetider.

Prinsipp for kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige likvide plasseringar som ved umiddelbar og uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med forfallsdato kortare enn tre månader frå kjøpsdato.

Leasingkontraktar

Rekneskapsmessig vert leasingkontraktane behandla som operasjonell leasing, kostnadsført som vanleg leigekostnad og klassifisert som ordinær driftskostnad. Leide driftsmidlar vert ført i balansen som driftsmidlar dersom leigekontrakten vert sett på som finansiell.

NOTE 2. NØKKELTAL PÅ FORRETNINGSOMRÅDE

Nøkkeltal pr. forretningsområde er med på å gi brukaren av rekneskapen oversikt over kva område konsernet er engasjert i, for der gjennom å kunne vurdere avkastninga til konsernet. I Tussa er dei ulike forretningsområda organisert som eigne juridiske einingar.

(Tal i 1000 kr)

Forretningsområde	Driftsinntekter		Av/nedskrivningar		Driftsresultat	
	2018	2017	2018	2017	2018	2017
Kraftproduksjon og krafthandel	419 347	283 656	42 093	41 142	69 964	77 834
Nettverksemd*	274 955	265 527	34 082	48 298	54 627	41 183
Sluttbrukarverksemd	299 892	212 671	747	226	1 491	6 783
Informasjons- og kommunikasjonstekn.	181 517	168 619	42 405	40 331	17 487	12 094
Elektrisk installasjon	103 153	116 068	2 049	1 755	-1 698	2 289
Konsern	1 048 236	811 664	121 489	132 846	132 504	131 553

(Tal i 1000 kr)

Forretningsområde	Eigenkapital		Totalkapital		Soliditet	
	2018	2017	2018	2017	2018	2017
Produksjon og krafthandel	520 115	513 132	1 100 689	1 122 574	47%	46%
Nettverksemd*	381 507	359 229	1 117 408	1 001 499	34%	36%
Sluttbrukarverksemd	26 551	26 002	108 436	110 823	24%	23%
Informasjons- og kommunikasjonstekn.	140 374	134 851	414 361	385 119	34%	35%
Elektrisk installasjon	21 108	22 350	51 557	57 945	41%	39%
Konsern	869 110	850 025	2 944 190	2 440 824	30%	35%

* For nettverksemd er nøkkeltala 46,34 % av nøkkeltala i Mørenett AS.

NOTE 3. KRAFTOMSETNING

Tussa Energi AS har i 2018 gått frå å vere konsernet sin forretningsførar i engrosmarknaden og regulerkraftmarknaden til å berre ha ansvaret for forvaltning av eigenproduksjon i Tussa Energi AS og Sunnmøre Energi AS, fysisk og finansiell krafthandel for eige selskap, og finansiell krafthandel på vegne av Tussa-24 AS og Fjord Energi AS. I tillegg har selskapet fysiske kjøpskontrakter med lokale småkraftverk.

Tussa-24 AS som er konsernet sin aktør i sluttbrukarmarknaden kjøper si kraft i spotmarknaden, finansiell handel via Tussa Energi, og omsett kraft i høve til dei ulike kontraktane som kundane har inngått med selskapet.

Det er i året kostnadsført økonomisk kompensasjon for konsesjonskraft med kr 7 306 489,-.

Tussa Energi AS har inngått ein kraftutvekslingsavtale i det danske kraftselskapet IS Elsam. Tussa Energi AS er deltakar med 0,67 % i Elsam-avtalen som går fram til 2020.

I samsvar med avtalen har Tussa motteke eit forskot for framtidige leveransar. Forskotet er bokført i balansen under anna langsiktig gjeld, og skal inntektsførast over avtaletida. Inkludert renter utgjer dette kr 2 255 115,- pr. 31.12.2018.

Produksjon og magasintilhøve	2018	2017
Produksjon i GWh	594,0	744,7
Produksjon i høve til normal	85%	111%
Magasinbeholdning i GWh pr. 31.12.	194,9	150,5

NOTE 4. LØNSKOSTNADER, TAL TILSETTE, GODTGJERINGAR, LÅN TILSETTE MM.

(Tal i 1000 kr)

Lønskostnader	Morselskap		Konsern	
	2018	2017	2018	2017
Løn	13 994	15 745	176 892	180 665
Aktiverte timer eigne investeringar	0	-120	-39 205	-30 878
Arbeidsgjeveravgift	2 402	2 464	27 904	26 679
Pensjonskostnader	1 835	2 548	17 348	11 774
Andre personalkostnader	2 867	1 549	9 301	9 061
Sum	21 098	22 186	192 239	197 302
Styrehonorar	1 082	1 056	1 171	1 232
Tal sysselsette årsverk	21	22	265	264

(Tal i 1000 kr)

Ytingar til leiande personar	TK/TE/SE	1 697	240	Bonus	Anna godt-
					gjering
Elling Andreas Dybdal	TK/TE/SE	1 697	240		10
Per-Are Sørheim	T24	1 225	133		10
Ivar Driveklepp	IKT	1 256	140		11
Roar Stenersen	TIN	603	44		5

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheit til konsernsjef, styremedlemer eller andre nærståande partar. Styret har ikkje avtalar om anna vederlag enn styrehonorar.

Direktørane har personleg pensjonsavtale med arbeidsgjever vedkomande pensjon av løn utover 12G.

Utover dette har verken direktørane eller styreleiar avtalar som forpliktar selskapet ved opphør eller endring av tilsetjingshøve eller verv.

NOTE 5. PENSJONAR

Innskotsbasert pensjonsordning:

Alle selskapa i konsernet har innskotsbasert pensjonsordning for sine tilsette med innskotsplan på 6 % for løner opp til 7,1 (G=grunnbeløpet i Folketrygda) og 15 % for løner mellom 7,1 og 12G. Unntak gjeld for Tussa Installasjon AS, der innskotsplan på 5 % gjeld for løner opp til 12G.

Ordninga omfattar 192 yrkesaktive i konsernet. Av desse har morselskapet 24 yrkesaktive. Selskapa Sunnmøre Energi AS, Ose & Aarseth AS og Rud Elektro AS har ingen tilsette og følgjeleg heller ingen pensjonsordningar.

Selskapet og konsernet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Sikra yttingsbasert ordning:

Selskapa Tussa Kraft AS, Tussa Energi AS og Tussa Nett AS hadde sikra yttingsbasert pensjonsordning fram til 30. juni 2011. Avtalane er terminert med fripolise for alle tilsette og oppsett rett for alle pensjonistar.

Usikra ordning (AFP):

Selskapa Tussa Kraft AS, Tussa Energi AS og Tussa-24 AS har hatt usikra AFP-ordning i DNB. Desse er no avslutta. Mørenett AS har framleis usikra AFP-ordning.

Den nye AFP-ordninga, gjeldande frå 1. januar 2011, er å sjå på som ei yttingsbasert fleirforetaksordning, men vert rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at konsernet kan rekneskapsføre den proporsjonale delen sin av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar. Selskapet si pensjonsforplikting er dermed ikkje balanseført som gjeld.

(Tal i 1000 kr)

Tussa Kraft AS - Morselskap:

Netto pensjonskostnad 2018	Sikra (DNB)	Sum
Noverdi av pensjonsopptening i året		
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	384	384
Avkastning på pensjonsmidlar	-690	-690
Resultatført aktuarielt tap/(gevinst)	241	241
Adm.kostnader	170	170
Arbeidsgjeveravgift	-19	-19
Netto pensjonskostnad morselskap	86	86

	Sikra (DNB)	Sikra (DNB)
Netto pensjonsmidlar	2018	2017
Opptent pensjonsforplikting 31.12.	-17 149	-17 715
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) 31.12.	17 471	18 275
Arbeidsgivaravgift	45	79
Estimerte netto pensjonsmidlar (forpliktig) inkl. aga	367	639
Ikkje res.ført verknad av est. avvik/planendr.	0	0
Ikkje resultatført aktuarielt tap (gevinst)	2 194	1813
Estimatavvik aga	309	256
Netto pensjonsmidlar (+) / -forpliktig (-)	2 870	2 708

Sikra ordning i DNB omfattar 31 pensjonistar.

(Tal i 1000 kr)

Konsern:

Netto pensjonskostnad 2018	Sikra	Usikra	Sum
Noverdi av pensjonsopptering i året	1 769	393	2 162
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	3 512	286	3 798
Avkastning på pensjonsmidlar	-5 707	-	-5 707
Resultatførte planavvik/estimatendringar	69	-	69
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)	936	318	1 255
Arbeidsgjeveravgift og adm. kostnader	612	55	667
Medlemsinnskot	-	-	0
Netto pensjonskostnad konsern	1 191	1 052	2 243

	Sikra	Usikra	Sikra	Usikra
Netto pensjonsmidlar (forplikting)	2018	2018	2017	2017
Opptent pensjonsforplikting 31.12.	-152 365	-10 334	-154 455	-12 267
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) 31.12.	149 035	0	144 690	-
Estimerte netto pensjonsmidlar (forplikting)	-3 330	-10 334	-9 764	-12 267
Ikkje res.ført verknad av est. avvik/planendr.	0	0	-3 553	1 381
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap)	6 643	1 935	12 857	2 799
Arbeidsgjeveravgift	994	0	256	0
Pensjonsforplikting	-3 128	-8 399	-7 617	-8 087
Pensjonsmidlar	7 433	0	7 365	0
Netto	4 305	-8 399	-252	-8 087

Sikra ordning i DNB omfattar 103 pensjonistar i konsernet inkl. vår del av Mørenett (40 pensjonistar ekskl. Mørenett).

Økonomiske føresetnader pensjon:	2018	2017
Diskonteringsrente	2,60%	2,30%
Venta avkastning pensjonsmidlar	4,30%	4,00%
Lønsvekst	2,75%	2,50%
G-regulering	2,50%	2,25%
Pensjonsregulering	2,50%	2,25%

NOTE 6. ANDRE DRIFTSKOSTNADER

(Tal i 1000 kr)

Andre driftskostnader	Morselskap		Konsern	
	2018	2017	2018	2017
Vedlikehaldskostnader	617	1 133	74 095	50 496
Framande tenester	7 351	9 886	31 346	171
Husleige, straum osb.	1 423	2 292	12 452	13 374
Sals- og marknadsføringskostnader	1 221	1 165	6 333	5 922
Telekommunikasjon, post, gebyr	71	5	3 859	1 560
Erstatning og konsesjonsavgifter	0	0	18 000	11 726
Andre driftskostnader	2 389	1 213	22 891	27 441
Sum	13 072	15 695	168 976	110 689
Revisjonskostnader				
Lovpålagt revisjon, utan mva	346	229	1089	1192
Andre attestasjonstenester, utan mva	4	13	23	32
Skatterådgjerving, utan mva	13	90	53	187
Andre ikkje-revisjonstenester, utan mva	0	115	29	163
Sum revisjonskostnader, utan mva	363	446	1 194	1 575

NOTE 7. SKATT

(Tal i 1000 kr)

Skattekostnadene i året fordeler seg på:	Morselskap		Konsern	
	2018	2017	2018	2017
Betalbar skatt allmenn inntekt	1 728	2 397	18 971	24 343
Betalbar grunnrenteskatt			17 644	24 939
Endring utsett skatt allmenn inntekt	109	-388	4 119	-5 974
Endring utsett skatt som følge av endra skattesats			180	1 523
Endring utsett skatt vedk. EK-justering Mørenett AS			-1 395	3 156
Endring utsett skatt grunnrente			2 809	-1 492
Skatteeffekt av prinsippendring pensjon			-383	73
Andre endringer			0	173
Korrigeringer tidlegare år			-89	0
Sum skattekostnad	1 837	2 008	41 856	46 741

Berekning av skattegrunnlaget i året:

Resultat før skattekostnad	43 816	45 088		
Varige skilnader *)		-35 776		
	35 907			
Endring i mellombelse skilnader	-398	674		
Avgjeve konsernbidrag	-7 114	-9 987		
Skattegrunnlag i året	397	-		
Betalbar skatt				
Betalbar skatt allmenn inntekt	-4 579	-3 757	23 641	28 100
Betalbar naturressursskatt			5 195	5 339
Naturressursskatt samordna med fellesskatt			-5 195	-5 339
Betalbar grunnrenteskatt			17 644	24 939
Redusert skatt av avgitt konsernbidrag	4 670	3 757	-6 306	-6 153
Betalbar skatt i balansen	91	0	34 979	46 886

Oversikt over mellombelse skilnader:	2018	2017	2018	2017
Fordingar			-2 480	-2 610
Varer			-70	0
Anleggsmidlar	-451	-685	18 028	-18 448
Elsertifikat			-8 835	-4 664
Meir-/mindreinntekt inntektsramme (inkl. renter)			0	0
Skattemessig underskot til framføring			0	0
Verdiendring marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar			0	0
Pensjonar	2 870	2 708	9 548	14 131
Tilverkingskontraktar under arbeid			4 683	10 529
Rekneskapsmessig avsetning for tap			0	0
Gevinst- og tapskonto			-2 473	-3 506
Andre			-15 852	-2 113
Sum	2 420	2 022	2 550	-6 682
MF som ikke inngår i grunnlag for utsett skatt			0	-1 718
Grunnlag utsett skatt knytt til prinsippendring pensjon			-13 641	-22 408
Mørenett AS				
Grunnlag utsett skatt knytt til meir-/mindreverdiar ført direkte mot EK			0	0
3 % skattepliktig aksjeutbytte	556	350	556	350
Sum grunnlag utsett skatt:	2 976	2 372	-10 535	-30 458
Skattesats utsatt skatt/skattefordel	22%	23%	22%	23%

Utsett skatt/skattefordel	684	572	-2 423	-7 310
Korrigeringar og endringar som følgje av endra skattesats	-30	-26	105	305
Sum utsett skatt/skattefordel (ekskl. grunnrente)	655	546	-2 318	-7 005

Spesifikasjon av grunnrenteskatten i året:

Betalbar grunnrenteskatt 2018: (Tal i 1000 kr)	Konsern		
	Tussa kraftverk	Åmela kraftverk	Sum
Inntekt kraftomsetning	82 372	54 344	136 716
Driftskostnader eks.avskr., div.skattar	57 935	14 109	72 044
Skattemessige avskrivningar	6 150	4 083	10 233
Eigedomsskatt	425	452	877
Konsejonsavgift	1 958	551	2 509
Tap ved realisasjon av driftsmiddel	-	-	0
Sum kostnader	66 469	19 194	85 663
Resultat før friinntekt	15 903	35 150	51 053
Gjennomsnittleg skattemessig verdi 2018	123 496	109 193	232 689
Normrente (i %)	0,7 %	0,7 %	0,7 %
Friinntekt 2018	864	764	1 629
Grunnrenteinntekt 2018	15 038	34 385	49 424
Frådrag for neg.gr.renteinnt.tidl.år inkl. rente			
Grunnlag for betalbar grunnrenteskatt	15 038	34 385	49 424
Betalbar gr.renteskatt 2018	5 369	12 276	17 644
Mellombelse skilnader grunnrente:		31.12.2018	31.12.2017
Varige driftsmidlar Tussa kraftwerk		1 691	-3 411
Gevinst- og tapskonto Tussa kraftwerk		-1 137	-1 421
Varige driftsmidlar Åmela kraftwerk		-106	-2 599
Gevinst- og tapskonto Åmela kraftwerk		-1 399	-1 748
Sum		-950	-9 179
Utsett skatt grunnrente (35,7% / 34,3 %)		-339	-3 148
Sum utsett skattefordel konsern		2 657	10 154

Forklaring på kvifor skattekostnaden i året ikkje utgjer 23 % /

24 % av resultat før skatt:

	Morselskap		Konsern	
	2018	2017	2018	2017
23 %/24 % skatt av resultat før skatt	10 078	10 821	22 556	24 848
Korr. frå fjaråret			0	0
Varige skilnader og goodwillavskriving	-8 259	-8 586	-7 878	-12 370
Grunnrenteskatt			17 644	24 939
Endring utsett skatt grunnrente			2 809	-1 319
Skatteeffekt mellombelse skilnader som ikkje inngår i utsett	122	84	122	0

skatt				
Skatteeffekt 3 % av utbytte	-77	-287	-77	0
Meir-/mindreverdiar i konsern/korreksjon tidlegare år			6 786	10 363
Skatteeffekt av prinsippendingring pensjon Mørenett AS			0	0
Effekt ved overgang til 22 % / 23% utsett skatt allmenn inntekt	-30	-24	-107	279
Berekna skattekostnad	1 834	2 008	41 856	46 741

Resultat før skattekostnad			103 534	103 534
Nominell skattesats **)	4,2 %	4,5 %	40,4 %	45,1 %

*) Inkluderer kostnader som ikkje kan trekkjast frå, t.d. representasjon, samt frådrag for resultatdel til tilknytt selskap (resultatdelen vert trekt ut ettersom han alt er skattlagt i dei einskilde selskapa).

**) Skattekostnad i høve til resultat før skatt.

NOTE 8. VARIGE DRIFTSMIDLAR

(Tal i 1000 kr)

Morselskap

Varige driftsmidler og immaterielle egedeler	Bygningar og annan eigedom	Inventar og utstyr	Sum
Kostpris 01.01.	1 442	60	1 502
Tilgang driftsmidlar			0
Avgang driftsmidlar			0
Kostpris 31.12.	1 442	60	1 502

Akkumulerte avskrivningar 31.12.	243	51	294
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.			
Balanseført verdi 31.12.	1 685	111	1 796

Avskrivningar i året	29	6	35
Nedskrivningar i året			
Økonomisk levetid (år)	20-evig	3 - 15	

Konsern

Varige driftsmidler	Transport, inventar, utstyr	Kraft- produksj. anlegg	Nett- anlegg	Bygningar og annan eigedom	Sum
Kostpris 01.01.	260 307	1 243 778	1 675 750	239 426	3 419 261
Tilgang kjøpte driftsmidlar	32 345	67 073	194 061	36 664	330 142
Omklassifisering	-113	0	-181	0	-294
Avgang selde driftsmidlar	-13 613	0	-12 722	0	-26 335
Kostpris 31.12.	278 926	1 310 851	1 856 908	276 090	3 722 774

Akkumulerte avskrivningar 31.12.	156 940	551 769	703 504	61 746	1 473 959
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.	1 058	30 962	1 129	6 206	39 354
Reverserte nedskrivningar 31.12.		0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.	120 928	728 120	1 152 275	208 138	2 209 461

Avskrivningar i året	30 166	33 301	41 804	8 178	113 449
Nedskrivningar i året	0	0	509	0	509
Økonomisk levetid (år)	3 - 15	25 - 75	25 - 50	20 - 50	

Per 31.12. er det i tillegg bokført 36,5 mill. kr som anlegg under utføring. Anlegg vert aktivert etter kvart som dei vert sett i drift.

NOTE 9. IMMATERIELLE EIGEDELAR

(Tal i 1000 kr)

Morselskap	Lisensar m.m.	Sum
Kostpris 31.12.18	1 723	1 723
Tilgang kjøpte immaterielle egedelar	730	730
Omklassifisring	0	0
Avgang selde immaterielle egedelar		0
Kostpris 31.12.18	2 452	2 452

Akkumulerte avskrivinger 31.12.18	1 081	1 081
Akkumulerte nedskrivinger 31.12.18	213	213
Reverserte nedskrivinger 31.12.18		0
Balanseført verdi 31.12.18	1 158	0

Avskrivinger i året	421	421
Nedskrivinger i året	0	0
Økonomisk levetid (år)	3-5 år	

Konsern	Lisensar og		Vassdrags-		
	Goodwill	varekontr.	rettar	Konsesjon	Sum
Kostpris 31.12.18	31 988	16 799	4 900	50 974	104 662
Tilgang kjøpte immaterielle egedelar	-	4 071	4 984		9 055
Omklassifisring	-	0	0		0
Avgang selde immaterielle egedelar	-	0	0		0
Kostpris 31.12.18	31 988	20 870	9 885	50 974	113 717

Akkumulerte avskrivinger 31.12.18	30 625	9 528	4	50 974	91 131
Akkumulerte nedskrivinger 31.12.18	631	213			844
Reverserte nedskrivinger 31.12.18					0
Balanseført verdi 31.12.18	732	11 129	9 880	0	21 742

Avskrivinger i året	2 783	4 113	4	0	6 900
Nedskrivinger i året	631	0	0	0	631
Økonomisk levetid (år)	5 - 10	3 - 5	Ewig	20 år	

Goodwill

Goodwill har oppstått i samband med kjøp av verksemeld. Avskriving av goodwill skjer lineært over forventa økonomisk levetid. Levetida for goodwill vedk. oppkjøp av Rud Elektro AS og UnikomTV AS, er vurdert til 10 år. Grunngjøve med konsernet sine langsiktige satsinger både innanfor fiberutbygging og installasjonsverksemd.

Vassdragsrettane er knytte til kraftverka i Tussa Energi AS.

Vassdragsrettar/konsesjonar

Vassdragsrettar/konsesjonar er knytte til kraftverka i Tussa Energi AS og Tussa sin del av konsesjonar i Mørennett.

Tussa har ein kombinasjon av leigde og eigde vassdragsrettar knytt til selskapet sine 22 kraftverk. Målt i GWh eig Tussa 62,1 % av rettane og leiger resterande 37,9 %. Eigde vassdragsrettar er bokførte i

rekneskapen til ein samla verdi på 4,9 mill. kr. Vassdragsrettane er vurderte som evigvarande og blir difor ikkje avskrivne. Dei leigde fallrettane fordeler seg på vassdraga Tussa (47 %), Gjerdsvika (87 %), Sørbrandal (86 %), Vedeld (100 %), Urke (100 %), Standal (100 %), Dalegjerdet (100 %), Viddal (100 %), Draura (100 %), Bruelva (100 %), Skår (100 %) og Tenneelva (100 %). Prosentsatsen viser kor stor del i GWh Tussa leiger i vassdraget. Leigde vassdragsrettar er vurderte som operasjonelle leigeavtalar.

NOTE 10. DOTTERSELSKAP, FELLESKONTROLLERT VERKSEMID OG TILKNYTTE SELSKAP

(Tal i 1000 kr)

Selskap	Forretnings-				
	Tal aksjar	Kjøpt år	kontor	Eigardel	Røystedel
Tussa Energi AS	2 944 040	1996	Ørsta	100%	100%
Sunnmøre Energi AS	860	1995	Ørsta	100%	100%
Tussa IKT AS	150 000	2001	Ørsta	100%	100%
Tussa-24 AS	150 000	2001	Ørsta	100%	100%
Tussa Installasjon AS	640	2001	Ørsta	100%	100%
Ose & Aarseth AS	100	1996/2003	Ørsta	100%	100%
Rud Elektro AS	30	2012	Ørsta	100%	100%

(Tal i 1000 kr)	Eigenkap.	Resultat		
		siste år	siste år	Balanseført
Selskap	100%	100%	verdi TK	verdi TI
Tussa Energi AS	379 488	8 059	303 631	
Sunnmøre Energi AS	140 627	12 076	202 000	
Tussa IKT AS	140 374	7 088	164 383	
Tussa-24 AS	26 551	549	22 313	
Tussa Installasjon AS	21 108	-1 242	40 528	
Ose & Aarseth AS	113	0	100	
Rud Elektro AS	28	-2		30

Felleskontrollert verksemid

etter bruttometoden

Selskap	Mørenett AS
Forretningskontor	Herøy
Eigardel	46,34%
Røystedel	50%
Balanseført verdi i Tussa Kraft AS	147 673
Del salsinntekter	274 955
Del driftskostnader	220 328
Del finanspostar	-7 119
Del ekstraordinære postar	-
Del skatt	11 365
Del resultat	36 142
Del anleggsmidlar	1 005 553
Del omløpsmidlar	111 452
Del eigenkapital	381 507
Del gjeld	735 498

**Tilnytt selskap etter
eigenkapitalmetoden**

Selskap	ISTAD AS	Elsikkerhet Møre AS)*
Ervervsdato	03.09.2018	29.05.2009
Kontor	Molde	Ørskog
Eigarandel	36%	66%

Balanserført EK på kjøpstidspunktet	138 921	408
Kostpris	279 971	408
Meirverdi	141 049	-

Berekning av resultatdel i året

Del resultat i året	9 998	-256
Avskriving meirverdi i året	-3 084	-
Resultatdel i året	6 914	-256

Berekning av balanserført

verdi pr. 31.12.18

Inngående balanse 1.1.	-	1 530
Anskaffing i året	381 043	-
Resultatdel i året	6 914	-256
Motteke utbyte	-2 940	-309
Sal i året	-102 137	-
Andre endringer	-	216
Utgående balanse 31.12.18	282 880	1 181

)* Elsikkerhet Møre AS er datterselskap av Mørenett AS, men av vesentlegheitsomsyn er selskapet vurdert etter eigenkapitalmetoden, og ikke konsolidert opp i Mørenett.

NOTE 11. ANDRE AKSJAR OG LANGSIKTIGE FORDRINGAR

Selskap	Morselskap			Konsern		
	Balanse- verdi	Kostpris mor	Tal aksjar totalt	Eigardel	Balanse- verdi	Kostpris konsern
BKK Enotek AS	24 034	24 034	135 096	10,7 %	24 034	24 034
Dalsfjord bensin AS	0	0	10	2,6 %	0	0
Fefast AS	0	250	25	26,9 %	0	250
Fokab AS	0	0	250	3,7 %	13	25
Hareid Fastlandssamband AS	0	250	250	3,3 %	0	250
Moldekkraft AS)**	20 068	20 068	19 744	24,2 %	20 068	20 068
Møre og Romsd. Såkornfond AS	0	750	7 500	1,7 %	0	750
Nordenfjeldske Energi AS	55	55	55	9,1 %	55	55
Nordvest Forum AS	10	10	1	1,4 %	10	10
Ren AS	0	0	5	1,20%	5	5
Rovdefjordsambandet AS	0	250	50	5,4 %	0	250
Runde Miljøbygg AS	500	1 001	13 000	5,9 %	500	1 001
Smarthub AS)**	0	0	28 221	19,4 %	873	873
Sunnmøre Golf AS	0	200	40	0,9 %	0	200
Sunnmøre kulturnæringshage AS	0	0	30	14,6 %	7	30
Ørsta skisenter AS	0	0	2 550	13,8 %	0	510
Ålesund Kunnskapspark AS	102	102	100	1,2 %	102	102
Sum aksjar	44 768	46 970			45 666	48 413

**) Selskapa Moldekkraft AS og Smarthub AS er vurdert til kostmetoden i både selskapsrekneskap og konsernrekneskap, basert på ei vurdering om at krava til å vere tilknytte selskap ikkje er oppfylt.

NOTE 12. FORDRINGAR OG GJELD

(Tal i 1000 kr)

Fordringar med forfall seinare enn eitt år	Morselskap		Konsern	
	2018	2017	2018	2017
Andre kortsiktige fordringar				
Andre langsiktige fordringar	424 488	607 488	35 616	21 053
Sum	424 488	583 488	35 616	21 053

Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år

Gjeld til kreditinstitusjonar				
Anna langsiktig gjeld	100 113	100 113	0	0
Sum	100 113	100 113	0	0

Garantiansvar		2018	2017
Garantiansvar		52 597	58 038
Pant i bankkonti			
Sum garantiansvar		52 597	58 038

Konsernet har ei samla garantiramme på 110 mill. kr. Effektive garantiar i konsernet utgjer 52,6 mill. kr pr. 31.12.2018, jf. ovanfor. Tussa Kraft AS og datterselskap har dessutan i samband med etablering av fleirkontosystem stilt ein sjølvskuldnargaranti overfor Nordea på inntil 50 mill. kr som tryggleik for konsernet sine plikter overfor banken.

NOTE 13. GJELD

I samband med overtaking av verksemد og driftsmidler innan konsernet er det inngått avtalar om ansvarleg lånekapital. Det er avtalt negativ pantsetjing. Låna er renteberande.

Banken sitt krav til forholdstal (covenants) er følgjande: Eigenkapitalgrad pr. 31.12.2018: Minimum 25 % på konsolidert nivå for konsernet.

(Tal i 1000 kr)

	Pålydande	Forfall	Opsjon forlenging	Aktuell rente	Gjeld
Trekkfasilitet Tussa Kraft AS	200 000	08.05.2020	1 år	Flytande	150 000
Lån Tussa Kraft AS	400 000	27.04.2023		Flytande	400 000
Lån Tussa Kraft AS	100 000	27.04.2021	1 år	Flytande	100 000
Lån Tussa Kraft AS	245 000	31.07.2021		Flytande	245 000
Lån Tussa Energi AS, 20 mill. Euro		26.04.2021	1 år	Flytande	198 966
Kassakreditt tilknytt fleirkontosystemet	100 000			Flytande	42 839
Sum ekstern gjeld					1 136 805

For lånet til Tussa Energi AS er det stilt sjølvskuldnerkausjon EUR 20 000 000,00 frå Tussa Kraft AS. Det er inngått avtale om garantiprovisjon mellom Tussa Kraft AS som garantist og Tussa Energi AS som lånetakar i samband med at Tussa Energi AS har teke opp eksternt lån.

Konserninternt lån:

Lån frå Sunnmøre Energi	100 000	3,00%	100 000
-------------------------	---------	-------	---------

Lånet frå Sunnmøre Energi er avdragsfritt til og med 31.12.2025. Deretter skal lånet tilbakebetalast med årlege avdrag à kr. 10 000 000.

For å minimere renteeksponering i gjeldsporteføljen nyttar Tussa rentebyteavtalar. Pr 31.12.2018 har vi følgjande avtalar:

	Beløp	Start	Forfall	Betalar	Mottek
Renteswap-avtale:	160 000	14.06.2018	14.06.2028	Fast 2,69 %	Flytande 3 md. NIBOR
Renteswap-avtale:	160 000	14.06.2018	16.06.2025	Fast 1,73 %	Flytande 3 md. NIBOR
Renteswap-avtale:	200 000	14.06.2018	14.06.2028	Fast 2,29 %	Flytande 3 md. NIBOR
Renteswap-avtale:	200 000	28.09.2018	28.09.2028	Fast 2,35 %	Flytande 3 md. NIBOR
<hr/>					
	Beløp	Start	Forfall	Betalar	Mottek
Rente/valutaswap-avtale	10,000 €	15.11.2017	15.11.2027	Flyt. 3 md. EURIBOR	Flyt. 3 md. NIBOR

Urealisert tap knytt til renteswap-avtalar utgjer pr. 31.12.18 kr 20 773 189,-

Urealisert tap knytt til rente/valutaswap-avtale utgjer pr. 31.12.18 kr 5 985 228,-

NOTE 14. MELLOMVERANDE MED SELSKAP I SAME KONSERN

Morselskap	2018	2017
Fordringar		
Langsiktig fording	417 000	600 000
Kundefordringar	437	2 253
Korts.fordring dotterselskap- konsernkonto	126 143	103 311
Andre fordringar	19 458	29 919
Sum	563 038	735 482

Gjeld	2018	2017
Leverandørgjeld	29	354
Langsiktig gjeld m/forfall seinare enn 5 år	100 113	100 113
Korts.gjeld dotterselskap- konsernkonto	22 187	62 110
Annan kortsiktig gjeld	0	0
Sum	122 328	162 576

NOTE 15. BANKINNSKOT

(Tal i 1000 kr)

	Morselskap	Konsern
Bundne skattetrekksmidlar utgjer:	776	6 155

Likviditeten i konsernet er organisert i ei konsernkontoordning. Dette inneber at dotterselskapa sine likvide midlar formelt sett er fordringar på morselskapet, og alle konsernselskapa er solidarisk ansvarlege for dei trekka konsernet har gjort.

NOTE 16. EIGENKAPITAL

(Tal i 1000 kr)

Morselskap	Aksje-kapital	Overkurs	Annan innskt. EK	Fond f. vurd. -forskjellar	Annan opptent EK	Sum
Eigenkapital 01.01.	30 320	242 724	119 282	0	279 815	672 142
Resultat i året				2 919	39 060	41 979
Avsett utbytte					-39 543	-39 543
Eigenkapital 31.12.	30 320	242 724	119 282	2 919	279 332	674 578

Konsern	Aksje-kapital	Overkurs	Annan innskt. EK	Fond f. vurd. -forskjellar	Annan opptent EK	Sum
Eigenkapital 01.01.	30 320	242 724	119 282	1 122	456 576	850 025
Omarbeiding pensjonsprinsipp MN					2 344	2 344
Andre endringar					71	71
Resultat i året				2 571	53 643	56 213
Avsett utbytte					-39 543	-39 543
Eigenkapital 31.12.	30 320	242 724	119 282	3 693	473 090	869 110

NOTE 17. AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRINFORMASJON

Morselskap

Aksjekapitalen er samansett av:	Tal	Pålydande	Balanseført
A-aksjar	962	10 000	9 620 000
B-aksjar	2 070	10 000	20 700 000
Sum	3 032		30 320 000

Tussa Kraft AS har 9 aksjonærar pr. 31.12.2018. B-aksjane kan berre eigast av norske kommunar og fylkeskommunar. Elles er aksjane i dei ulike klassane likestilte.

Aksjonærar pr. 31.12.2018	A-aksjar	B-aksjar	Sum	Eigardel	Røyster
Ørsta kommune	309	747	1 056	34,8 %	34,8 %
Herøy kommune	137	376	513	16,9 %	16,9 %
Volda kommune	0	484	484	16,0 %	16,0 %
Kommunal Landspensjonskasse	454	0	454	15,0 %	15,0 %
Hareid kommune	0	201	201	6,6 %	6,6 %
Vanylven kommune	21	176	197	6,5 %	6,5 %
Ulstein kommune	29	58	87	2,9 %	2,9 %
Sande kommune	0	28	28	0,9 %	0,9 %
Hornindal Kraftlag	12	0	12	0,4 %	0,4 %
Totalt tal aksjar	962	2 070	3 032	100,0 %	100,0 %

NOTE 18. RISIKOSTYRING

Marknadsrisiko

Hovudverksemda til konsernet er kraftproduksjon og krafthandel. Marknaden har eit stort innslag av vasskraft, og tilgang på vatn kan variere mykje frå år til år. Dette gir seg utslag på både kraftprisar og produksjonsmengde, som også kan gi store utslag på resultatet. Konsernet har ein risikostrategi i høve til marknadssituasjonen, der vi skal prøve å oppnå høgast mogleg inntening frå produksjonen sett i høve til selskapet sine risikorammer.

Tussa nyttar terminkontraktar og andre finansielle instrument mellom anna for å prissikre delar av inntektene. Bakgrunnen for dette er den store usikkerheten som knyter seg til kraftsalsinntekter. Inntektene avheng av ein spotpris som kan svinge mykje og usikkerheten knytt til produksjonsevna. I denne samanhengen er det ikkje forskjell mellom fysiske og finansielle kontraktar som vert handla bilateralt og finansielle kontraktar i terminmarknaden. Prisen vil hovudsakleg vere den styrande faktoren når ein vel handelsform. All finansiell krafthandel vert gjort på kontraktar som vert klarert, slik at ein kjøper seg fri for motpartrisiko.

Resultatet frå sikringsporteføljen i 2018 vart eit tap på 20,7 mill. kr. Sikringsstrategien har tidshorisont på 1-3 år, og for produksjonssikringa skal det ved inngangen til førstkomande år sikrast 30 % av normalproduksjonen. Realiserte tap eller gevinstar vert resultatført i leveringsperioden.

Valutarisiko

Sidan oppgjersvalutaen for kraftomsetninga er EURO, er Tussa også utsett for valutarisiko. Det er difor inngått valutaterminkontraktar for å valutasikre finansielle kontraktar notert i EURO. Intensjonen med å prissikre desse kontraktane er å redusere valutarisikoet. Resultatet frå sikringsporteføljen i 2018 vart eit tap på 1,1 mill. kr. Sikringshorisonten har også her vore 1 til 3 år. Resultat som følgje av verdiendringane på valutaterminar, og som ikkje er resultatført i 2018 er eit tap på 1,1 mill. kr pr. 31.12.2018.

Tussa endra i 2017 valutastrategien sin, og vil gå frå å sikre finansielle kraftkontraktar individuelt til å ha ei ramme på 30 mill. EURO. Som ledd i denne endringa gjekk Tussa inn ein rente/valuta-swap på 10 mill. EURO, med varigheit på 10 år. Verdien av denne sikringa var pr. 31.12.2018 eit tap på 6 mill. kr. Dette instrumentet vert ikkje sikringsbokført, men justert løpende til verkeleg verdi. I 2018 tok selskapet i tillegg opp eit valutalån pålydande 20 mill. EURO med varigheit på 3 år.

Renterisiko

Ettersom Tussa er eksponert for renteendringar gjennom dei låneavtalane som er inngått, er det vedteke ein finansstrategi der målsetjinga mellom anna er å redusere konsernet sin rentesensitivitet.

I Tussakonsernet sin balanse blir 46,34 % av Mørenett si gjeld konsolidert inn. Mørenett sikrar ikkje renta grunna at inntektsramma i stor grad er fastsett av ei flytande rente. Av den samla konsoliderte gjelda skal Tussa ha ei gjennomsnittleg rentebindingstid på 3-5 år og ein rentesikringsgrad på mellom 20 % og 50 %. Rentebyteavtalar kan nyttast for rentesikring.

Pr. 31.12.2018 er både gjennomsnittleg rentebindingstid og rentesikringsgrad innanfor strategien sine rammer.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko oppstår dersom det ikkje er samsvar mellom kontantstraumane frå verksemda og finansielle forpliktingar.

Kontantstraumen frå krafthandel vil variere mellom anna i forhold til prisnivået i marknaden. Konsernet har ei kassakreditramme på 100 mill. kr, og sikrar gjennom denne nødvendig likviditet. Pr. 31.12.2018 var 42,8 mill. kr av kassakreditten nytta.

NOTE 19. MONOPOLVERKSEMD

(Tal i 1000 kr)

Nettinformasjon	Sentralnett	Regional	Distribusj.-	Sum nett- monopol
		nett	nett	
Driftsresultat	-164	21 592	39 427	60 856
Meir(+)-mindre(-)inntekt:				
Faktisk inntekt	477	134 259	222 419	357 155
Tilbakeført meir-/mindreinntekt i året	0	0	0	0
Kostnader overliggjande nett	0	58 640	87 976	146 617
= Justert faktisk inntekt	477	75 619	134 359	210 539
Årets inntektsramme	565	64 708	144 139	209 412
Inntektsramme justert for AVS/AKG/KILE	106	60 057	136 355	196 518
Berekna meir-/mindreinntekt i året	371	15 562	-1 995	13 938
Inng. saldi ME/MI-inntekt inkl. rente pr. 01.01	292	329	7 244	7 865
Inng. Saldo Harmoni MI-inntekt inkl. rente 01.01		-8 103	0	-8 103
Endringar i året inkl. renter	-275	15 376	-1 910	13 191
Akk. meir-/mindreinntekt inkl. renter 31.12	17	7 601	5 334	12 952
Akk. Harmoni MI-inntekt inkl. renter 31.12	0	0	0	0
Totalt akk. inntekt inkl renter 31.12	17	7 601	5 334	12 952
Balanse				
Sum driftsmidlar etter fordeling pr. 01.01	1 584	326 482	484 449	812 514
Sum driftsmidlar etter fordeling pr. 31.12	1 573	382 292	580 886	964 751
Gjennomsnittlege driftsmidlar	1 579	354 387	532 668	888 633
1 % påslag for netto arbeidskapital	16	3 544	5 327	8 887
Avkastningsgrunnlag	1 595	357 931	537 994	897 520
Avkastning (driftsres.*100/avkastningsgrunnlag)	-10,3 %	6,0 %	7,3 %	6,8 %

NOTE 20. AVGIFTER OG ERSTATNINGAR

I konsernresultatet inngår årlege erstatninger med 13 mill. kr. Dette er ei årleg forpliktning for konsernet, fastsett etter vedtak i skjønsretten eller andre avtalar inngått i samband med kraftutbygging.

NOTE 21. UTBYTE

Styret foreslår 39,5 mill. kr til utbetaling av utbyte for 2018, og dette utgjer kr 13 042,- pr. aksje.

NOTE 22. POSTAR SOM ER SAMANSLEGNE I REKNESKAPEN

(Tal i 1000 kr)

	Morselskap		Konsern	
	2018	2017	2018	2017
Finansinntekter				
Inntekt på investering i TS/FKV	25 450	26 380	7 183	-213
Renteinntekt fra føretak i same konsern	24 536	30 733		
Annan renteinntekt	6	9	3 460	1 388
Verdiendring marknadsb.oml.midlar			0	0
Gevinst i samband med fusjon/MN				24 219
Valutagevinst			6 467	585
Annan finansinntekt	2 244	764	2 504	764
Annan finansinntekt fra føretak i same konsern	34 533	39 905		
Verdiauke rentesikringsavtalar	21 143		29 873	
Sum finansinntekter	107 912	97 792	49 487	26 743
Finanskostnader	2018	2017	2018	2017
Verdireduksjon rentesikringsavtalar	22 222	4 228	30 728	10 437
Nedskriving finansielle anleggsmidlar			700	
Rentekostnader til føretak i same konsern	3 320	3 466		
Annan rentekostnad	30 266	35 549	40 180	44 071
Verdiendring marknadsb.oml.midlar				
Valutatap			11 887	
Andre finanskostnader	322	101	426	254
Sum finanskostnader	56 131	43 344	83 922	54 762
Sum finanspostar	51 781	54 448	-34 435	-28 019

NOTE 23. TAP PÅ KRAV

Det er i året resultatført kr 742 990 som endring avsetning til tap og tap på krav i konsernet.

NOTE 24. VARELAGER

(Tal i 1000 kr)

	Morselskap		Konsern	
	2018	2017	2018	2017
Driftsmateriell og innkjøpte handelsvarer	0	0	10 256	10 320
Av dette vurdert til kostpris	0	0	10 256	10 320
Av dette vurdert til verkeleg verdi	0	0	0	0

Lageret er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi, tilordna etter FIFO-metoden.

NOTE 25. LANGSIKTIGE TILVERKNADSKONTRAKTAR

Anleggskontraktar er vurdert etter prinsippet for løpende avrekning. Fullføringsgraden er basert på forholdet mellom påløpne kontraktskostnader på balansedagen og estimerte totale kontraktskostnader.

Opptent, ikkje fakturert inntekt pr. 31.12.2018 på 2,8 mill. kr inngår i rekneskapslinja opptent, ikkje fakturert inntekt.

NOTE 26. NÆRSTÅANDE PARTAR

(Tal i 1000 kr)

Selskapet sine transaksjonar med nærståande partar:	2018	2017
a) Sal av varer og tenester		
Morselskap		
Leiande tilsette		
Konsernselskap	21 773	23 076
Mørenett	4 902	6 658
Sum sal av varer og tenester morselskap	26 675	29 734

b) Kjøp av varer og tenester

Morselskap	2018	2017
Leiande tilsette		
Konsernselskap	5 196	7 146
Mørenett	0	208
Sum kjøp av varer og tenester morselskap	5 196	7 354

NOTE 27. STORE ENKELTTRANSAKSJONAR

Tussa Kraft AS kjøpte i september 2018 49,005 % av aksjane i Istad AS frå Statkraft AS. Kjøpesummen var 381 mill. kr.

I desember 2018 selde Tussa Kraft AS 13 % av aksjane i Istad AS til KLP. Salssummen var 103 mill. kr.

KONTANTSTRAUMANALYSE

(Tal i mill. kr)	Konsern		Tussa Kraft AS	
	2018	2017	2018	2017
Kontantstraum frå driftsaktivitetar				
Resultat før skattekostnad	98,1	103,5	43,8	45,1
Skatt betalt i året	-46,9	-38,4	0,0	0,0
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	-0,1	0,0	0,0	0,0
Tap/gevinst ved sal av aksjar	-0,9	-0,8	-0,9	-0,8
Ordinære avskrivingar	120,3	131,4	0,5	1,2
Nedskriving anleggsmidlar	1,1	1,4	0,0	0,2
Urealisert verdiendring marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar	0,9	10,4	1,1	4,2
Resultatdel i tilknytte selskap	-6,6	0,0	-6,9	0,0
Endring i varelager	0,1	3,4	0,0	0,0
Endring i kundefordringar	-11,6	16,3	3,1	5,4
Endring i leverandørgjeld	28,4	9,1	-0,8	-2,1
Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbet. i pensjonsordningar	-4,0	-5,8	-0,2	0,6
Effekt av valutakursendringar	0,0	0,0	0,0	0,0
Postar klassifisert som investerings- eller finansieringsaktivitetar	0,0	-24,0	0,0	-14,7
Endring anna avsetning og avsetning for tap på kontraktar	0,0	0,0	0,0	0,0
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-12,2	-8,9	4,9	35,2
Netto kontantstraum frå driftsaktivitetar	166,7	197,7	44,65	74,40
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar				
Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar	0,2	0,0	0,0	0,0
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	-261,8	-229,9	-0,7	-0,3
Innbetalingar ved sal av aksjar og partar i andre føretak	103,01	0,0	103,0	0,8
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	-378,1	-2,3	-378,1	0,0
Utbetalingar ved kjøp av andre investeringar	0,0	0,0	0,0	0,0
Konsernbidrag til dotter, brutto			-15,1	-9,9
Innbetalingar ved sal av andre investeringar	0,0	0,0	0,0	0,0
Innbetaling av lån	0,0		183,0	0,0
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-536,8	-232,2	-107,90	-9,43
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar				
Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	1000,8	0,0	709,2	0,0
Innbetalingar ved opptak av ny kortsiktig gjeld	0,0	255,3	0,0	185,8
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-600,0	0,0	-600,0	0,0
Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0,0	-200,2	0,0	-200,2
Netto endring i kassakreditt	42,8	0,0	-19,9	-29,8
Innbetalingar av eigenkapital			0,0	0,0
Tilbakebetalingar av eigenkapital	0,0	0,0	0,0	0,0
Utbetalingar av utbyte	-33,4	-24,5	-33,4	-24,5
Innbetalingar av aksjonærbidrag	0,0	0,0	0,0	0,0
Innbetalingar av konsernbidrag	0,0	0,0	0,0	0,0
Utbetalingar av konsernbidrag	0,0	0,0	0,0	0,0
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	410,3	30,6	55,9	-68,7
Effekt av valutakursendringar på kontantar og bankinnskot				
Netto endring i kontantar og bankinnskot	40,2	-3,9	-7,3	-3,7

Endringer bankinnskot som følgje av MN

Behaldning av kontantar og bankinnskot ved starten på året	37,5	41,4	8,5	12,2
Behaldning av kontantar og bankinnskot ved slutten på året	77,7	37,5	1,2	8,5

REVISJONSMELDING



Til generalforsamlinga i Tussa Kraft AS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Tussa Kraft AS sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følger med eit rettvisande bilet av den finanzielle stillinga til Tussa Kraft AS per 31. desember 2018 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen som følger med eit rettvisande bilet av den finanzielle stillinga til konsernet Tussa Kraft AS per 31. desember 2018 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.



I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatende inneholder vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneholder vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikke noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilet til samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta, og å gi ei revisjonsmelding som inneholder konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, alleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg



registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysning i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 9. april 2019
PricewaterhouseCoopers AS

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Nils-Kristian Synes".
Nils-Kristian Synes
Statsautorisert revisor

SAMFUNNSREKNESKAP

(Tal i mill. kr)

Verdiskaping i perioden	2018	2017	2016
Driftsinntekter	297,8	285,8	241,7
Meirverdiavgift	55,7	62,0	67,4
Forbruksavgift	111,5	103,5	102,596
Vareforbruk/driftskostnader	581,6	341,1	349,77
Brutto verdiskaping	-116,5	110,2	61,9
Kapitalslit	286,6	286,6	290,5
Netto verdiskaping	-403,1	-176,4	-228,5
Finansinntekter	131,4	197,8	97,6
Verdiar til fordeling	-271,8	21,4	-131,0

Fordeling av verdiskaping

Tilsette	2018	2017	2016
Brutto løn og sosiale kostnader	0,0	0,0	0,0
Skatt frå dei tilsette	54,2	-53,2	-57,3
Arbeidsgjevaravgift	28,0	-26,7	-28,6
Sum tilsette	82,3	-79,9	-85,9

Långjevarar

Långjevarar	2018	2017	2016
Rente til långjevarar	41,7	44,2	59,6
Andre finanskostnader	0,4	0,2	0,3
Sum långjevarar	42,2	44,4	59,9

Stat og kommune

Stat og kommune	2018	2017	2016
Inntekts- og formuesskatt	19,0	-5,3	-5,2
Naturressursskatt	5,2	5,3	5,2
Grunnrenteskatt	17,6	24,9	18,1
Skatt frå dei tilsette	-54,2	53,2	57,3
Meirverdiavgift	55,7	62,0	67,4
Arbeidsgjevaravgift	-28,0	26,7	28,6
Forbruksavgift	111,5	103,5	102,6
Konsesjonsavgift	3,4	3,2	3,2
Konsesjonskraft	7,3	5,7	2,4
Sum stat og kommune	137,5	279,2	279,5

Eigarar

Eigarar	2018	2017	2016
Utbyte frå selskapet	0,0	0,0	0,0
Sum eigarar	0,0	0,0	0,0

Selskapet

Selskapet	2018	2017	2016
Tilbakehalden verdiskaping	0,0	0,0	0,0
Fordelte verdiar	-271,8	21,4	-131,0



VERDI AV KONSERNET

Det er over 5 år sidan KLP erverva i underkant av 15 % av aksjane i Tussa Kraft AS. Ervervet indikerte då ein verdi for heile konsernet på runt 2 milliard kr.

Verkeleg økonomisk verdi av eit objekt kjenner ein ikkje før eit konkret tilbod er til stades eller ein handel er gjennomført. Slik handel eller tilbod ligg ikkje føre, og det er heller ikkje gjort verdivurdering av utanforståande på oppdrag frå konsernet seinaste året. Vi er heller ikkje kjent med eventuelle verdivurderinger som andre har laga.

Det er over 5 år sidan KLP erverva i underkant av 15 % av aksjane i Tussa Kraft AS. Ervervet indikerte då ein verdi for heile konsernet på runt 2 milliard kr. Det er lenge sidan, og det er store endringar i fleire av føresetnadene som då var grunnlaget til verdifastsetjinga for ervervet. Vi ser det difor slik at KLP-ervervet ikkje lenger har validitet som referanse.

Nøkkeltalsopplysningar pr. 31.12.2018

Kraftproduksjon

Bokført verdi kraftanlegg	757 mill. kr
Årsproduksjon (normalproduksjon 2019-tal)	698 GWh
Prosent av produksjon som er skattepliktig for grunnrente	60%
Prosent av produksjon som kjem frå kraftverk med magasin	85%

Nett

Bokført nettkapital (Tussa sin del av Mørenett AS)	898 mill. kr
For 2018 er det rekna med at Mørenett får ein DEA-score på 100 %. (NVE-effektivitet)	

Breiband

Bokførte anlegg breibandsdistribusjon	269 mill. kr
Tal kundar	13 245
Teknologi	78 % fiber, 20 % ADSL, 2 % radio
Marknad	93 % til personmarknaden og 7 % til bedriftsmarknaden

EBITDA (2018) 59,9 mill. kr.

Kraftomsetning

Tal kundar 22 500

Bokført eigenkapital for konsernet 869 mill. kr



STATUS FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

1. Generelt om eigarstyring og selskapsleiing i Tussa

Prinsippa for eigarstyring og selskapsleiing regulerer rolledeelinga mellom eigar, styret og leiinga utover det som er gitt av føringar i aksjelova. I utarbeidinga av dette dokumentet er det lagt til grunn den norske tilrådinga om eigarstyring og selskapsleiing (corporate governance) av 17. oktober 2018 så langt som det er relevant og passar med Tussakonsernet sin organisasjon.

På dei områda tilrådinga ikkje er følgt blir avvika forklart. Hovudårsakene til avvik er at Tussa Kraft AS (Tussa) ikkje har børsnoterte aksjar eller obligasjonar, at selskapet har ein avgrensa aksjonærkrins og at eigarskap til vassfall er lovregulert. I det etterfølgjande er det laga eit oppsett som omtalar situasjonen i Tussakonsernet. Omtalen følgjer kapittelinnndelinga i den norske tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing.

2. Verksemd

Tussa si verksemrd er nedfelt i vedtekter og i den overordna strategien for konsernet og er vidare utdjupa i dotterselskapa sine vedtekter og selskapsplanar. Kvart år blir det utarbeidd ein årsplan for arbeidet i styret, der styret sitt strategiske ansvar er vektlagt.

Samfunnsansvar

Tussa skal skape resultat der etikk, menneske og miljø er klare rammer for aktiviteten. Resultata som blir skapt skal fordelast i samsvar med lov, etter rettferdige prinsipp mellom interessentane og på tiltak som er forsterkande for selskapet i framtida.

Tussa driv eit systematisk HMS-arbeid med opplæring og oppfølging for å minimere sjukefråvær og skadar. Dei interne regelverka og vala våre er nøytrale når det gjeld kjønn og etnisk bakgrunn.

For å bygge ut energiressursar og linjer krevst det mange offentlege løyve. Til løyva er det vanlegvis gitt vilkår. Vi har ikkje siste året fått pålegg frå styresmaktene knytt til brot på løyva våre.

3. Selskapskapital og utbyte

Bokført eigenkapitalprosent var på 29,5 % ved utgangen av 2018. Selskapet har også verdiar som ikkje kjem til uttrykk i rekneskapsbalansen noko som svært truleg medfører at den verkeleg eigenkapitalprosenten er høgre enn det årsrekneskapen syner. Bokført eigenkapital er noko under snittet for energiselskap det er naturleg å samanlikne seg med.

Utbytepolitikken er omtala i styret si årsmelding.

Tussa Kraft AS har ein avgrensa aksjonærkrins og det er ikkje aktuell politikk å dele utbyte til styret for å gjennomføre kapitalutvidingar eller til å dele ut utbyte.

4. Likehandsaming av aksjonærar og transaksjonar med nærståande

I 2018 var det ein transaksjon mellom Tussa og KLP om aksjar i Istad AS. Avtalen var inngått til marknadspris og er gjort greie for i årsmeldinga frå styret.

5. Omsetjelege aksjar

Tussa Kraft AS har to aksjeklasser. Grunnen til det er omsynet til industrikonsesjonslova sine vilkår for evigvarande konsesjonar som krev minst 2/3 offentleg eigarskap. Av den grunn er det vedtektsfesta at det berre er kommunar og fylkeskommunar som kan eige aksjeklassa med 2/3 av aksjane. Dei resterande aksjane er det ikkje sett eigarskapsvilkår til og elles er klassene likestilte.

Tussa Kraft AS er ikkje børsnotert og aksjonærkrinsen er avgrensa. I tillegg er det berre det offentlege som kan eige 2/3 av aksjane. Vedtekten har ikkje vilkår om forkjøpsrett ved omsetjing av aksjar. Eventuell overdraging av aksjar er på vilkår av at styret har godkjent overdraginga.

6. Generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april og blir kalla inn med to veker varsel for ordinære saker. For vedtektsendringssaker er fristen 2 månader for å sikre ei god sakshandsaming hos eigarane. Med innkallinga følgjer i hovudsak saksframstillinga som er lagt fram for styret og fullmaktsskjema. Vidare følgjer valnemnda sitt framlegg til styremedlemer. I samband med at valnemnda startar sitt arbeid blir alle aksjonærane orientert gjennom brev 2 månader før generalforsamlinga.

Det er ikkje påmeldingsfrist for å møte i generalforsamlinga. Dei som møter ved opninga har rett til å delta i generalforsamlinga si handsaming, og aksjonærar kan gi fullmakt til å la seg representera.

Med ein avgrensa aksjonærkrins og god deltaking på tidlegare generalforsamlingar, er det ikkje lagt opp til røysting med elektronisk kommunikasjon.

Styret, valnemnd og revisjon er representert i samsvar med aksjelova sine reglar og vanlegvis er det representantar frå alle desse organa i den ordinære generalforsamlinga.

Møteleiar blir valt av generalforsamlinga og vil då vere så uavhengig som generalforsamlinga ønskjer det.

7. Valnemnd

Valnemnda er valt av generalforsamlinga og er vedtektsfesta. I valnemnda er det ikkje representantar for styret eller leiinga. I tillegg til styrekandidatar kjem valnemnda med framlegg til godtgjering av styremedlemer. Valnemnda sitt arbeid er regulert i eigen instruks som mellom anna skal sikre at aksjonærane blir informert om valprosessen.

8. Styret, samansetjing og frie stilling

Det er inngått avtale med dei tilsette sine organisasjonar om ikkje å opprette bedriftsforsamling. I samsvar med dette vel også styret styreleiar. Styret i Tussa Kraft AS har 11 medlemer, 7 er valt av aksjonærane og 4 er valt mellom tilsette. Det er ein etablert praksis som sikrar at mindre aksjonærar åleine eller gjennom samarbeid med andre har rett til å nominere styremedlemer.

Ingen av styret sine medlemer har personlege interesser knytt til forretninger med Tussa.

Ingen av aksjonärvilte styremedlemer utfører andre oppgåver for Tussa. Den daglege leiinga er ikkje representerert i styret.

Grunna den avgrensa aksjonærkrinsen ser selskapet det som viktigare at eigarane er aktive gjennom styredeltaking enn at det er representantar i styret som ikkje har tilknyting til aksjonærane. Eigarane har stor direkte påverknad av val av styremedlemer. I samsvar med aksjonæravtale mellom alle aksjonærane skal det fokuserast på å setje saman eit styre som skal ivareta aksjonærfellesskapen sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfold.

9. Styret sitt arbeid

Kvar år blir det utarbeidd ein årsplan for arbeidet i styret, der styret sitt strategiske ansvar er vektlagt. Styret har nedsett eit kompensasjonsutval på 3 medlemer som skal kome med innstilling til styret på godtgjering til konsernsjefen og retningslinjer for leiande tilsette si løn.

Det er ikkje oppretta revisjonsutval i konsernet. Rolla som eit eventuelt revisjonsutval skulle følgje, er ivareteke av styret.

Dersom styremedlemer har personlege interesser i avtalar som blir inngått med selskapet, skal dei informere om det og dei vil bli inhabile ved handsaming av slike saker i samsvar med styreinstruks. Ingen slike saker har vore handsama siste året.

10. Risikostyring og intern kontroll

Overordna planar og strategiar blir revidert årleg i styret. Rapportar om den økonomiske utviklinga blir lagt fram for styret systematisk gjennom året. I tillegg til den finansielle rapporteringa blir det lagt fram rapportar om HMS-tilstanden, her under ein eigen årsrapport for HMS-området. I samsvar med krav som Tussa er underlagt som energiverk er det gjennomført risiko- og sårbarheitsvurderingar.

11. Godtgjering til styret

Styremedlemer er honorert med eit fast årleg beløp som blir fastsett på generalforsamlinga i april etter tilråding frå valnemnda og gjeld fram til neste ordinære generalforsamling.

12. Godtgjering til leiande tilsette

Konsernsjefen har fastløn og har ikkje bonusavtale.

Styret fastset konsernsjefen si løn og retningslinjer for leiande tilsette si løn etter tilråding frå kompensasjonsutvalet.

Det blir orientert om konsernsjefen og andre direktørar si avløning i samsvar med krav i lovverket. Då det ikkje er avtalt resultatavhengig honorar, løn eller bonus verken for styret, konsernsjefen eller andre leiande tilsette, er det ikke lagt fram eiga sak for generalforsamlinga om avløning.

13. Informasjon og kommunikasjon

Tussa rapporterer til aksjonærane, långjavar og pressa tertialvis om utviklinga i konsernet. I tillegg til dei formelle møteplassane med aksjonærane (generalforsamling) blir det halde systematiske orienteringsmøte for aksjonærane både i fellesskap og einskildvis.

14. Overtaking

Dette punktet er ikkje relevant for Tussa.


15. Revisor

Tussa brukar PWC som revisor i morselskapet og i alle heileigde datterselskap. Revisor legg plan for revisjonshandlingar og deltek i styret sitt arbeid etter behov. Revisor deltek på eit styremøte i året i samband med avslutting av årsrekneskapen. I hovudsak utfører revisor lovpålagte oppgåver. Det er altså berre i mindre grad at han utfører konsulentoppdrag. Revisor sitt honorar fordelt på lovpålagte oppgåver og konsulentoppdrag er presentert i note til rekneskapen.



TUSSA KRAFT AS

Tussa Kraft AS er morselskapet i Tussakonsernet, og yter tenester innan økonomi, finans, innkjøp, personal og informasjon til datterselskapa. Tussa Kraft AS har hovedkontor i Hovdebygda i Ørsta kommune.



Visjon

Tussa – med kraft til å skape miljøvennlige og framtidsretta løysingar.

Forretningside

Tussa skal eige og drive forretningsverksemder med kjernekompesanse og infrastruktur innanfor energiforsyning og digital kommunikasjon.

Selskap	Tal fast tilsette	Kvinner	Menn	Del kvinner	Gj.snittsalder
Tussa Kraft AS	23	19	4	82,6 %	49,6
Tussa Energi AS	21	1	20	4,8 %	55,5
Tussa IKT AS	55	5	50	9,1 %	43,5
Tussa-24 AS	16	13	3	81,3 %	48,8
Tussa Installasjon AS	70	3	67	4,3 %	41
Totalt	185	41	144	22,2 %	45,1

NOKRE HENDINGAR I 2018

- Vi hadde høg trivsel blant medarbeidarane. I den årlege trivselsmålinga fekk vi 65,4 poeng av 100 moglege
- Vi bidrog med økonomisk støtte til over 200 ulike lag og organisasjonar som i houvdsk har aktivitet retta mot barn og ungdom på søre Sunnmøre og Hornindal
- Vi gjennomførte ei omdømmeundersøking som gav oss mykje nyttig informasjon for vidare utvikling
- Vi innførte nye reglar for innsamling, bruk og lagring av persondata (GDPR)



TUSSA ENERGI AS OG SUNNMØRE ENERGI AS

Tussa Energi AS eig og driv 20 kraftverk og driv 2 kraftverk for Sunnmøre Energi AS, eit anna datterselskap i Tussakonsernet. Kraftverka har ein samla gjennomsnittleg produksjonskapasitet på om lag 673 GWh i året. I tillegg til vasskraftproduksjon har Tussa Energi AS eit biobrenselanlegg. Selskapet er aktør på den nordiske kraftbørsen NordPool spot, og handlar også på terminmarknaden Nasdaq OMX. Tussa Energi AS har hovudkontor i Hovdebygda i Ørsta kommune.

UTVIKLING I 2018

Tussa Energi AS har dei siste åra hatt høg oppetid og lite driftsavbrot som følgje av feil i eigne anlegg. I all hovudsak gjeld dette også for 2018. Frå mars til august var Tussa kraftverk stoppa for vedlikehald og oppgradering. Det er forventa at produksjonen i kraftverket vil auke med rundt 15 GWh (5 %) på årsbasis. Tenneelva kraftverk med ein forventa årsproduksjon på 10 GWh var klar til idriftsetjing ved utgangen av året.

Tussa Energi AS og Sunnmøre Energi AS produserte 594 GWh elektrisk kraft i 2018. Til samanlikning vart det produsert 745 GWh i 2018. I 2018 var gjennomsnittleg spotpris i området vårt 42,3 øre/kWh mot 27,5 øre/kWh i 2017.

Året starta med magasinfilling på om lag 80 % av normalfylling. Årsaka til dette var høg tapping i Tussamagasinet i høve turbinrevisjonen i Tussa våren 2018. Den store haustnedbøren gjorde at vi enda på 107 % av normalfylling ved årsslutt.

Tussa Energi AS

Rekneskapstal (mill. kr)	2018	2017	2016
Driftsinntekter	420,6	285,2	293,3
Driftskostnader	363,3	213,9	224,8
Driftsresultat	57,3	71,3	68,5
Netto finans	-19,7	-27,3	-19,7
Resultat før skatt	37,6	44,0	48,8

Sunnmøre Energi AS

Rekneskapstal (mill. kr)	2018	2017	2016
Driftsinntekter	20,5	14,0	14,3
Driftskostnader	7,8	7,5	7,5
Driftsresultat	12,7	6,5	6,7
Netto finans	3,1	3,0	3,2
Resultat før skatt	15,7	9,5	10,0

Ny kraftproduksjon

Osdal kraftverk er planlagt klar for utbygging, det er gitt klarsignal for linjetilknyting og utbygginga er planlagd starta opp i 2019.

Det har vore arbeidd med planar for oppgradering av Vartdal- og Bjørdal kraftverk. I 2018 fekk vi konsesjon på oppgradering av Vartdal kraftverk. Vedtak om utbygging er ikkje gjort enno.

Krafthandel og produksjonsstyring

Tussa Energi AS er aktør på den nordiske kraftbørsen Nasdaq OMX. Handel på kraftbørsen blir gjort for å sikre prisen på produksjonen framover i tid, i tillegg til krafthandel innafor definerte risikorammer. Vi styrt og forvalta eigen kraftproduksjon på 595 GWh i 2018. I tillegg vart det kjøpt 69,2 GWh frå lokale private småkraftverk.

Tussa Energi AS har også ansvaret for meirverdiar som blir skapt gjennom sal av fornybar energi, og denne handelen gav eit positivt resultat i 2018. Frå kraftverk som har rett til elsertifikat har vi fått sertifikat tilsvarande 86,4 GWh inn på konto. Teknisk trading har gitt eit bruttoresultat på 2,1 mill. kr i 2018. Pris- og valutasikringa av kraftproduksjonen har samla gitt eit negativt resultatbidrag på 5,8 øre/kWh om ein reknar mot all produsert kraftmengd. Samla oppnådd pris for den produserte krafta, utan elsertifikat og andre grøne tillegg, vart 37,1 øre/kWh i 2018.

Kraftverk	Normal- produksjon GWh	2018		2017	
		GWh	% av normal	GWh	% av normal
Tussa	265,9	210,1	79%	325,6	122%
Åmela	136,2	130,5	96%	142,1	104%
Sørbrandal	42,6	43,7	103%	42,1	99%
Bjørdal	30,5	29,2	96%	33,5	110%
Dale	23,2	23,3	101%	23,6	102%
Urke	21,4	19,9	93%	22,0	102%
Trandal	20,9	20,5	98%	22,2	107%
Standal	16,4	13,5	82%	16,1	98%
Kopa	16,1	15,7	98%	18,2	113%
Vedeld	14,8	12,9	87%	15,3	103%
Viddal	14,5	13,6	94%	14,0	97%
Gjerdsika	14,3	14,6	102%	13,2	93%
Vatne	14,0	12,5	89%	15,3	109%
Kolfossen	12,7	11,6	91%	13,9	109%
Draura	6,2	6,1	99%	6,3	102%
Ulsteindalen	4,9	3,7	74%	5,3	108%
Skår	4,8	3,5	74%	4,7	97%
Dalegjerdet	4,3	3,6	84%	4,3	99%
Vartdal	3,6	3,5	95%	3,6	100%
Bruelva	3,2	2,1	67%	2,6	81%
Nesset	2,2	0,0	0%	0,9	41%
Sum vasskraftverk	672,7	594,1	87%	744,7	111%

Rammevilkår fornybar energi

Elektrisitet som energiberar er sentral i framtida sitt energisystem, og vasskraft som energikjelde er framleis den mest konkurransedyktige i alle fall i Noreg. Tussa med sine vasskraftverk er godt posisjonert for denne framtida.

Strategi og framtidsutsikter

Det har vore så gode stimulansar til å investere i ny produksjon at det for tida er eit nasjonalt og nordisk kraftoverskot. Det vil kome godt med i ei framtid der stadig meir skal elektrifiserast og

energiproduksjon basert på fossile kjelder skal fasast ut. For å balansere dette kraftoverskotet og variasjonar i vêravhengig kraftproduksjon, er det avgjerande viktig at det er gode kraftutvekslingssamband mot andre land for å halde ei stabil kraftprisutvikling. Med fleire utvekslingssamband sett i drift etter 2020 ventar vi meir stabilitet i årsprisane enn vi har hatt dei seinaste åra. Dette vil gi større sikkerheit for investeringar i kraftproduksjon. Med ytterlegare innslag av tilfeldig vindkraftproduksjon, må det likevel forventast større variasjonar i dei kortsiktige svingingane av kraftprisen.

Med overoppfylling av den svensk-norske elsertifikatmarknaden, er det venta at sertifikatprisane blir låge når vi passerer 2021.

Med dei investeringsvilkåra som er no, vil Tussa realisere fleire mindre utbyggingar og rehabiliteringar dei neste åra.

Kraftprisen dei komande åra

Kraftprisen har svinga mykje dei siste åra, og det må forventast svingingar dei komande åra også, men då kanskje meir i korte periodar når det er stor produksjon av vindkraft. Sjølv om det er usikkert kva prisen vil bli i framtida, har vi ikkje noko betre grunnlag å halde oss til enn prisane på den transparente marknadspllassen til Nasdaq OMX. Primo mars 2019 var prisutsiktene for 2020 til 2024 mellom 36 og 32 øre/kWh. Dette er ein prisoppgang på om lag 6 øre/kWh frå same tid i fjar.

NOKRE HENDINGAR I 2018

- Tussa kraftverk vart rehabilitert og Tenneelva småkraftverk var klargjort for idriftsetjing
- Vi arrangerte småkraftseminar i samarbeid med Fjord Energi AS. Over 60 deltakarar frå private småkraftverk deltok på seminaret
- Ved årets effektivitetsmåling av kraftproduksjonen, basert på 2017-tal, plasserte Tussa seg betre enn gjennomsnittet av dei 25 norske kraftprodusentane som var med på målinga



TUSSA INSTALLASJON AS

Tussa Installasjon AS er ein elektroentreprenør som leverer tenester innan dei aller fleste elektrotekniske fagområda som t.d. sterkstraum, svakstraum, automasjon, tele og data. Det vert levert tenester både til private og til industri/næringer. Tussa Installasjon AS har hovudkontor i Ørsta og avdeling i Ulsteinvik.

UTVIKLING I 2018

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på -1,7 mill. kr i 2018. Det negative resultatet har samanheng med hard konkurranse i installasjonsmarknaden, spesielt på fastprisprosjekt mot næringsmarknaden. I tillegg fekk vi ein konkurs på ein kunde, noko som medførte eit større tap. Ut over året har det likevel vore god ordreinngang og tilgang på arbeid. Marknaden er framleis prega av hard konkurranse, men det er bra aktivitet i selskapet og utsiktene for 2019 er difor gode, spesielt for servicemarknaden.

Rekneskapstal (mill. kr)	2018	2017	2016
Driftsinntekter	103,2	116,1	105,4
Driftskostnader	104,9	114,0	102,2
Driftsresultat	-1,7	2,1	3,2
Netto finans	0,1	0,1	0,2
Resultat før skatt	-1,6	2,2	3,4

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Tussa Installasjon AS er den største og mest komplette elektroentreprenøren i distriktet, godt etablert i marknaden med ei over 60 år lang historie. Ved å levere rett kvalitet til rett tid og til konkurransedyktig pris skal vi vere det føretrekte valet når marknaden skal velje elektroentreprenør. Vi skal vere kjent for eit godt fag- og arbeidsmiljø, og vere den mest attraktive arbeidsplassen for elektrofagfolk i distriktet.

Det er framleis bra aktivitet i marknaden. For Tussa Installasjon har ordreinngangen i 2018 vore litt låg på større prosjekt. Året 2019 vil vere prega av mykje serviceaktivitet, og færre store fastprisprosjekt. Dei store næringsprosjekta trur vi vil kome i 2020.

NOKRE AV DEI STØRSTE LEVERANSANE I 2018

- Komplett installasjon til alle flåteleveransane til Ulstein Betong
- Installasjon på tilbygget til Ole Ringdal AS
- Elektroentreprise på det nye legesenteret i Ørsta
- Komplett installasjon på dei nye studenthyblane til Veidekke Entreprenør AS i Volda
- Installasjon til SSR AS (Søre Sunnmøre Reinholdsverk)



TUSSA IKT AS

Tussa IKT AS produserer og sel kommunikasjonstenester og IT-tenester. Tussa IKT AS sitt breibandsnett dekkjer heile søre Sunnmøre, og selskapet har ei offensiv fibersatsing mot hushaldninga og bedriftsmarknaden. Parallelt med dette blir det satsa sterkt på IT-tenester til næringslivet, primært i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, men også til andre delar av landet. Tussa IKT AS har hovudkontor i Hovdebygda i Ørsta og avdeling i Ålesund.

UTVIKLING I 2018

Tussa IKT AS har siste året hatt god vekst innanfor kommunikasjonstenestene. Kundetilgangen har vore god og vi fekk ein ekstern omsetningsvekst på 7,6 %. Størst auke har vi hatt innanfor internett-tenester og TV-tenester til hushaldningane.

Innanfor IT-tenester har vi hatt ein ekstern omsetningsvekst på 9,8 %. Den største veksten opplevde vi innanfor IT driftstenester og konsulenttenester.

I 2018 leverte vi eit driftsresultat på 17,5 mill. kr, noko som er betre enn forventa. Resultat etter skatt er på 7,1 mill. kr.

Rekneskapstal (mill. kr)	2018	2017	2016
Driftsinntekter	181,5	168,6	155,0
Driftskostnader	164,0	156,5	145,3
Driftsresultat	17,5	12,1	9,7
Netto finans	-8,9	-8,0	-6,5
Resultat før skatt	8,6	3,5	2,6

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Tussa IKT AS skal dekkje kundane sine behov for framtidsretta, profesjonelle, miljøvennlege og trygge IKT-tenester heile døgnet. Tussa IKT AS skal vere kunden sitt førsteval av IKT-tenester i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Breiband og fiber

Gode kommunikasjonsløysingar blir viktigare og viktigare både for hushald og bedrifter. Tussa IKT AS byggjer ut eit framtidsretta fibernett på søre Sunnmøre, der vi fører fiber heilt fram til den enkelte kunde, og tilbyr internett, TV, leigefilm og telefoni. Vi er fornøgde med utviklinga i 2018, og i løpet av året leverte vi fiberaksess til 1 475 nye hushaldningskundar. Ved årsskiftet hadde vi ein ordrereserve på om lag 950 kundar, og dette gir eit godt utgangspunkt for å levere fiberaksess til mange nye kundar i 2019. Etterspurnaden frå bedriftene når det gjeld fiber er veksande, og vi har i løpet av året levert fiber til 128 bedrifter.

IT-drift og konsulent

Stadig fleire bedrifter vel å setje ut heile eller delar av IT-drifta si på grunn av høgare krav til spesialkompetanse og sikkerheit for å drifta datautstyr. Tussa IKT AS har som mål å vere ein leiande leverandør av IT-tjenester, og vi legg opp til å nå større volum innan driftsavtalar i 2019. Datasenteret vårt har god kapasitet til å ta imot nye kundar i åra som kjem.

Konsulentane i Tussa IKT AS har solid erfaring, og spisskompetansen deira blir nytta til å etablere gode løysingar for kundane. Vi held fram arbeidet med å utvikle produktkonsepta for å vidareutvikle løysingane og konsepta våre både ut mot kunden og på datasenteret vårt.

NOKRE HENDINGAR I 2018

- Vi leverte fiber til 1 475 hushaldningar og 128 bedrifter
- Vi stengte analog-TV og la ned coaxnettet i Ulstein, Hareid og Herøy
- Vi bygde ut dugnadsfiber i samarbeid med eldsjeler og bygdelag i Bondalen og fleire andre bygder på søre Sunnmøre
- Eika kom inn som IT-kunde
- Vi oppretta eiga avdeling for informasjonssikkerheit, for å ha enda meir fokus på dette viktige området
- Vi starta opp arbeidet med ISMS, som er eit styringssystem for informasjonssikkerheit. Dette vil gi oss eit grunnlag for å bli ISO27001-sertifiserte

TINDEKRAFT



TUSSA-24 AS

Tussa-24 AS er Tussakonsernet sitt sals- og marknadsselskap som yter kundeservice-, marknads-, og salstenester i bedrifts- og privatmarknaden. Energikundane er heimehøyrande både i Tussa sitt eige nærområde og i landet elles. Tussa-24 AS har hovudkontor i Hovdebygda i Ørsta kommune.

UTVIKLING I 2018

Sal av energi er det viktigaste produktet for resultatet i Tussa-24 AS. Ein kraftig auke i kraftprisane i 2018 har ført til mykje merksemd i media og hos kundane. Både i bedrifts- og privatmarknaden har det vore hard konkurranse om kundane og låge marginar. Vi har ein solid kundemasse i området vårt, noko som er eit godt grunnlag for vidare utvikling.

Tussa-24 AS er kontaktpunktet for hovudtyngda av Tussa sine kundar ved spørsmål om produkt, leveringsforhold og faktura.

Driftsresultatet og resultatet før skatt er svakare enn dei økonomiske forventningane vi hadde for 2018.

Rekneskapstal (mill. kr)	2018	2017	2016
Driftsinntekter	181,5	168,6	155,0
Driftskostnader	164,0	156,5	145,3
Driftsresultat	17,5	12,1	9,7
Netto finans	-8,9	-8,0	-6,5
Resultat før skatt	8,6	3,5	2,6

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Som Tussakonsernet sitt sals- og marknadsselskap skal Tussa-24 AS føre Tussa sine produkt ut i marknaden på ein mest mogleg samordna og målretta måte. I 2019 skal vi vere synlege og offensive når det gjeld sal av Tindekraft-produkta. Vi skal også leggje vekt på at vi har miljøvennlege produkt og ei sterkt lokal forankring.

Tilbakemeldingane frå kundane viser at dei framleis er godt nøgde med kundehandsaminga vår. Vi skal likevel bli betre på kundeservice og sal av energiproducta våre, og vi skal vidareutvikle salsstrategiane både i bedrifts- og privatmarknaden.

NOKRE HENDINGAR I 2018

- Selskapet flytta frå Dragsund til Ørsta
- Vi etablerte kundefordelsprogrammet Kraftklubben
- I bedriftsmarknaden har mange av dei store bedriftsavtalane vorte reforhandla
- Vi har vore med i eit stort systemutviklingsarbeid som omfattar utrulling av automatiske målarar, innføring av timesverdiar og etablering av ein ny nasjonal El-hub



MØRENETT AS

Mørenett AS er eit samarbeid mellom Tafjord Kraft AS og Tussa Kraft AS. Tafjord Kraft AS eig 53,66 % og Tussa Kraft AS eig 46,34 % av aksjane i selskapet. Mørenett AS har om lag 65 500 nettkundar (aktive målepunkt). Selskapet har hovudkontor i Herøy og har avdelingar i Ålesund, Norddal, Hornindal og Vanylven.

UTVIKLING I 2018

I 2018 er det levert 1 737 GWh til sluttbrukar mot 1 751 GWh i 2017, ein nedgang på 0,8 %. Tapet i distribusjonsnettet i 2018 vart 100 GWh som svarar til 5,4 % av energien som vart mata inn i distribusjonsnettet.

I distribusjonsnettet har aktiviteten gjennom året vore høg med ferdigstilling av mange mindre og mellomstore anlegg, både i samband med fornying av nettet og til straumforsyning av nye kundar. Installasjon av AMS-målarar vart starta opp i 2017 og skal vere ferdig innan 01.01.2019 i samsvar med styresmaktene sine krav.

Rekneskapstal (mill. kr)	2018		2017		2016	
	100%	46,34%	100%	46,34%	100%	46,34%
Driftsinntekter	593,3	274,9	573	265,5	754,2	349,5
Driftskostnader	475,5	220,3	484,1	224,3	508,2	235,5
Driftsresultat	117,9	54,6	88,9	41,2	246	114
Netto finansresultat	-15,4	-7,1	34,7	16,1	-15,3	-7,1
Resultat før skatt	102,5	47,5	123,5	57,2	230,7	106,9

Nettleige

I samband med etableringa av Mørenett AS vart det vedteke å ha separate nettlegetariffar i inntil tre år, altså fram til og med utgangen av 2016. Hushaldstariffen for ein kunde som brukar 20 000 kWh og alle avgifter inkludert har vore slik for dei siste åra, og ser slik ut for det komande året (2019).

Nettleige øre/kWh	2019	2018	2017	2016	2015
Mørenett nord	57,3	59,5	56,7	53,8	49,9
Mørenett sør	57,3	59,5	56,7	58,8	52,1

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Mørenett AS har lagt bak seg sitt femte driftsår, også gjennom dette året har det vore fokus på endringsprosessar for å nå dei ulike synergimåla som var ein del av vedtaksfundamentet for etableringa av selskapet. Framdrifta er hovudsakleg i samsvar med planen, og i løpet av 2018 vil selskapet ha eit kostnadsgrunnlag som gjer at Mørenett AS vert målt som 100 % effektive av NVE. Vi får ikkje endeleg svar på effektiviteten før NVE gir varsel om inntektsramme for 2020 i slutten av 2019.

Med ei reindyrka rolle som nettverksemid vil Mørenett AS vere ein sentral aktør i vidare strukturendringar av elektrisitetsnettet i Møre og Romsdal.

Nøkkeltal	2018	2017	2016
	100%	100%	100%
Forbruk distribusjonsnettet			
Abonnementar i distribusjonsnettet	65 500	64 985	64 414
Levert abonnementar GWh	1 737	1 751	1 742
Tap i distribusjonsnettet GWh	100	87	95
Sum GWh	1 837	1 838	1 837
Tap i distribusjonsnettet	5,40%	4,70%	5,20%
Nøkkeltal distribusjonsnettet			
Høgspentlinjer km	866	866	874
Høgspentkabel km	992	976	959
Nettstasjonar stk.	2 604	2 587	2 586
Fordelingstransformatorar stk.	2 813	2 788	2 770
Fordelingstransformatorar (MVA)	1 057	1 029	1 014
Lågspentlinjer km	1 449	1 575	1 610
Lågspentkabler km	2 735	2 895	2 867
Nøkkeltal regional- og sentralnettet			
132 kV luftlinjer km	386	415	415
132 kV sjøkabel km	19	22	22
132 kV jordkabel km	30	26	26
22-66 kV linjer km	194	185	192
22-66 kV sjøkabel km	26	26	26
22-66 kV jordkabel km	40	40	40
Transformatorstasjonar stk.	26	27	28
Installert transformatoryting (MVA)	1 336	1 321	1 310
Andre nøkkeltal			
Effektmaks	374	361	364
Energiproduksjon mata inn i regionalnettet (GWh)	1 400	1 660	1 465
Energiproduksjon mata inn i distribusjonsnettet (GWh)	430	473	428
Kile-kostnad (mill. kr)	31	8,1	17,7



ORGANISATION AND HISTORY

Tussa Kraft AS was founded in 1949 and has been producing and supplying electricity to the southern part of Sunnmøre for 70 years. The company played an active role in the far reaching changes that have had a major impact on the region's general industrialisation and on the local power supply in particular.

Tussa has demonstrated a capacity for readjustment and adaptation and has now emerged as a leading utility with 185 employees located on the northwest coast of Norway. Tussa is to carry out business operations based on the production, transmission and sale of energy and communication products. The products are to be based on Tussa's core expertise and infrastructure.

Tussa is an organisation in which the parent company, Tussa Kraft AS, owns the subsidiaries Tussa Energi AS, Sunnmøre Energi AS, Tussa-24 AS, Tussa IKT AS and Tussa Installasjon AS. In addition Tussa owns 46,34 % of the shares in Mørenett AS.

Tussa Kraft AS provides administrative support and services to all the subsidiaries within the organisation.

Tussa Energi AS owns and operates 20 power stations in addition to operating a further two, which are owned by Sunnmøre Energi AS. The normal production is 673 GWh, and the annual total production in 2018 was 594 GWh. This energy is sold to the wholesale/trade and retail markets all over Norway, with the northwest coast of Norway being the main market.

Tussa Nett AS and Tafjord Kraftnett AS merged with effect from 01.01.2014. The new company, Mørenett AS, is organized as a joint venture between Tussa Kraft AS and Tafjord Kraft AS, and has about 65,500 customers, 143 employees and is the 8th largest network company in Norway, measured by net assets. Mørenett AS is responsible for the distribution of all electricity in Sunnmøre and parts of Nordfjord.

Tussa-24 AS is the Group's sales and marketing company. The company performs services within core areas such as sales, customer service, marketing and invoicing.

Tussa IKT AS manages Tussa's investments in regional IP network infrastructure, built using wireless technologies, xDSL, ADSL2+ and optical fibres. Tussa IKT also provides advanced IT services to both companies and public organisations in the region.

Strategy and forecasts

Tussa's owners want the company to continue to thrive in its strength and independence, and to continue to be a motivator for the region. Tussa is also the owners tool to achieve a sustainable energy supply to the region. The vision is to create environmentally and progressive solution with power from Tussa.

Ownership

Tussa is committed to providing information that shows the true share value of the company and to its role in local

society. This entails Tussa having an active attitude towards delivering what it has promised to shareholders and informing them about these issues. We believe that maintaining a local majority holding in Tussa is still vitally important.

Hydroelectric power – renewable energy

Of the total energy consumption in Norway the renewable share shall be higher than 67,5 % in 2020. If Tussa based on the consumption in our region should develop a relative share of Norway's requirement of renewables it is in range with projects we have under planning or recently have developed.

IT and broadband

The development, operation and monitoring of Tussa's broadband roll-out in Sunnmøre will continue in 2019. Our vision is to become the preferred provider of broadband and related services in the area. We will meet customer requirements for communication and interaction through our future-oriented and reliable broadband technology. Tussa aims to cover its customer's needs for communication and IT services through future-oriented technology that focuses on security. Tussa is to be the customer's first choice for ICT services in the region. Several companies choose to outsource all or part of their IT operations as a result of increased demands for specialist expertise. Tussa wants to meet this need by being a local, responsible supplier of IT operations services. The broadband network will be further developed in order to provide capacity-demanding services with a high uptime.

Marketing and customer support

Tussa has the northwest coast of Norway as its regional stronghold, and therefore primarily focuses on the local region. However, we would like to develop outside our geographical sphere together with our customers. Our main development and growth will result from increased sales to existing local customers. This alone is enough of a challenge as regards maintenance work and the expansion of our portfolio of products. Market demands for new products require a close and logical connection to our key values, which are "progressive and environmentally", and to our local power grid and telecom infrastructure. Putting together our products in logical product families will be a key priority in order to ensure that our customers feel that they are getting value for money. The effective handling of customer information and development of our Internet products will be key tasks in the time ahead. There are several opportunities for sustained growth and development within all the group's core areas, and the company's owners are confident that profits will continue to increase in the future.

PROFIT AND LOSS

(Figures in 1 000 NOK)

TUSSA KRAFT AS				TUSSA GROUP		
2018	2017		Note	2018	2017	
Operating income and operating expenses						
4 892	6 657	Revenue		263 896	269 992	
0	0	Energy revenue	3, 18	519 213	297 820	
0	0	Transmission revenue	19	246 178	222 163	
21 783	23 305	Other operating income		18 949	21 688	
26 674	29 962	Operating Income	2, 18, 26	1 048 236	811 664	
Operating expenses						
14	0	Raw materials and consumables used		74 940	89 301	
0	0	Energy- and transmission cost		358 721	149 972	
21 098	22 186	Payroll expenses	4, 5	191 605	197 302	
456	1 228	Depreciation and amortisation expense	2, 8	120 349	131 416	
0	213	Write down on tangible and intangible assets	2, 8	1 140	1 430	
13 072	15 695	Other operating expenses	6, 20, 23, 26, 27	168 976	110 689	
34 640	39 322	Operating expenses		915 732	680 111	
-7 965	-9 360	Operating profit		132 504	131 553	
Financial income and expenses						
51 781	54 448	Net financial income and expenses	10, 18, 22	-34 435	-28 019	
43 816	45 088	Operating result before tax		98 069	103 534	
1 837	2 008	Tax on ordinary result	7	41 856	46 741	
41 979	43 079	Annual net profit		56 213	56 793	
Total allocated						
2 919	0	To reserve for valuation variances		2 571	-214	
39 543	33 352	Dividend		39 543	33 352	
-483	9 727	To other equity		14 100	23 655	
41 979	43 079 .	Total allocated	16, 21	56 213	56 793	

BALANCE

(Figures in 1 000 NOK)

TUSSA KRAFT AS			TUSSA GROUP		
2018	2017		Note	2018	2017
Assets					
Fixed assets					
Intangible fixed assets					
1 158	850	Waterfall rights	9	21 010	16 308
0	0	Deferred tax asset	7	2 657	10 154
0	0	Goodwill	9	732	4 022
1 158	850	Total intangible assets		24 399	30 484
Tangible fixed assets					
1 198	1 227	Buildings and land	8	208 138	145 961
0	0	Power plant assets	8	728 120	694 349
0	0	Transmission assets	8	1 152 275	1 000 733
9	15	Equipment and other movables	8	120 928	152 122
0	0	Assets in progress	8	36 537	113 974
1 207	1 242	Total tangible fixed assets		2 245 999	2 107 140
Financial fixed assets					
732 954	719 516	Investments in subsidiaries	10	0	0
417 000	600 000	Loans to group companies	12, 14	0	0
430 553	147 673	Investments in associated companies and joint ventures	10, 11	284 061	1 530
44 768	44 768	Investments in shares	11	45 666	45 666
7 488	7 488	Other receivables	11, 12	35 616	21 053
2 870	2 708	Pension funds	5	7 526	7 412
1 635 634	1 522 152	Total financial fixed assets		372 869	75 661
1 638 000	1 524 244	Total fixed assets		2 643 267	2 213 285
Current assets					
0	0	Inventories	24	10 256	10 320
Debtors					
-212	2 937	Accounts receivables	14	128 545	116 933
0	0	Accrued income	25	33 418	26 250
145 854	133 229	Receivables group companies	14	0	0
18 726	12 189	Other receivables	14	50 978	36 546
164 368	148 356	Total debtors		212 941	179 729
Investments					
1 190	8 513	Cash and bank deposits	15	77 726	37 490
165 558	156 869	Total current assets		300 923	227 539
1 803 558	1 681 113	Total assets		2 944 190	2 440 824
Equity and liabilities					
Restricted equity					
30 320	30 320	Share capital	17	30 320	30 320

242 724	242 724	Share premium reserve	242 724	242 724
119 282	119 282	Other equity	119 282	119 282
392 327	392 327	Total restricted equity	392 327	392 327

		Retained earnings		
2 919	0	Reserve for valuation variances	3 693	1 122
279 332	279 815	Other equity	473 090	456 576
282 252	279 815	Total retained earnings	476 783	457 698

674 578	672 142	Total equity	16, 21	869 110	850 025
---------	---------	--------------	--------	---------	---------

		Liabilities			
		Provisions			
0	0	Pension liabilities	5	11 618	15 704
655	546	Deferred tax	5	0	0
20 773	19 694	Other provisions		26 758	25 903
21 428	20 240	Total provisions		38 376	41 607

		Other long-term liabilities			
0	600 000	Bonds	12, 13	0	600 000
895 000	185 802	Liabilities to financial institutions	12, 13	1 696 386	695 542
100 113	100 113	Liabilities to other group companies	12	0	0
0	0	Other long term liabilities		4 235	6 663
995 113	885 915	Total of other long term liabilities		1 700 621	1 302 206

		Current liabilities			
42 839	0	Liabilities to financial institutions		42 839	0
891	1 719	Trade creditors	14	76 014	47 641
91	0	Tax payable	7	34 979	46 886
1 849	1 426	Public duties payable		64 324	56 181
39 543	33 352	Dividends		39 543	33 352
22 187	62 110	Liabilities to other group companies	14	0	0
5 040	4 210	Other short term liabilities	14	78 384	62 926
112 439	102 816	Total short term liabilities		336 082	246 986

1 128 979	1 008 971	Total liabilities	2 075 080	1 590 799
1 803 558	1 681 113	Total equity and liabilities	2 944 190	2 440 824

STYRET I TUSSA KRAFT AS

NAMN	FØDSELSÅR	TAL ÅR I STYRET	DELTAKING I STYREMØTE I 2018
Gunnar Gjørtz - Handelsakademiet (Bl), registrert revisor - Økonomidirektør i flere selskap - KLP Eigedom, adm. direktør (noverande posisjon)	1956	Frå 2013 6 år	7 av 7 møte
Hilde Marie Brungot - NHH Siv. økonom - Økonomidirektør i flere selskap - Pensjonist (noverande posisjon)	1950	Frå 2010 9 år	6 av 7 møte
Sindre Rotevatn - Bl, siviløkonom - Økonomidirektør/direktør i flere selskap - MRB AS, konsulent (noverande posisjon)	1960	Frå 2013 6 år	7 av 7 møte
Ann Magritt Bjåstad Vikebakk - UiO, jur. embetseksamen - Advokatpraksis - Hg International AS, adm. direktør (noverande posisjon)	1977	Frå 2016 3 år	6 av 7 møte
Inger Sandvik Sundnes - HiMolde, øk. adm. - Konsulent i flere selskap. - Amfi Ørsta, sentralrådgiver (noverande posisjon)	1967	Frå 2013 6 år	5 av 7 møte
Kjell Arne Aurstad - Teknisk fagskule - Aurstad AS, maskinentreprenør (noverande posisjon)	1952	Frå 2014 5 år	5 av 7 møte
Øystein Blom - Handelsgymnas - Bussjäfør (noverande posisjon)	1964	Frå 2018 1 år	5 av 5 møte
Knut Arne Grimstad NITO	1981	Frå 2015 4 år	7 av 7 møte
Daniel Fjørtoft El&IT	1983	Frå 2015 4 år	6 av 7 møte
Håvard Marøy El&IT	1982	Frå 2013 6 år	5 av 7 møte
Torgeir Bratteberg El&IT	1986	Frå 2018	1 av 1 møte